

SLUTTRAPPORT REGIONALT PROGRAM FOR BU- OG BLILYST I HALLINGDAL

Programmet vart etablert som eit toårig samarbeid mellom Hallingdals kommunane, Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune frå 2023-2025. Bu- og blilyst har eit breitt omfang, både med tanke på målgrupper, interessentar og fokusområde. Difor valte ein å etablere eit program inndelt i tre delprosjekt, for å møte både unike og felles utfordringar for kommunane i regionen. Dei utvalde delprosjekta i programmet er bustadutvikling, trivsel og tilhøyrsel og attraksjonskraft.

**Utarbeidd av
programleiar:
Magnhild Medgard
Skår. Prosjektleiar
attraksjonskraft:
Staffan Landsmann-
Wiwe.
Prosjektleiar
bustadutvikling:
Anne Nordheim.
Prosjektleiar trivsel
og tilhøyrsel:
Heidi Storeskar.**

Innhald

1 Samandrag	2
2 Innleiring.....	3
3 Organisering	4
3.1 Målgrupper	5
3.2 Føremål med programmet	5
3.3 Programfinansiering.....	5
3.4 Mål.....	6
3.5 Berekraft	6
4 Hovudprosjekt	7
4.1 Attraksjonskraft	7
4.1.1 Organisering.....	7
4.1.2 Samarbeid og medverknad	8
4.1.3 Forankring	9
4.1.4 Aktivitetar.....	9
4.1.5 Resultat og funn	10
4.1.6 Læring og erfaring.....	13
4.1.7 Anbefalingar.....	14
4.2 Bustadutvikling.....	15
4.2.1 Organisering.....	15
4.2.2 Samarbeid og medverknad	16
4.2.3 Forankring	17
4.2.4 Aktivitetar.....	18
4.2.5 Prosess og arbeidsmetodikk	25
4.2.6 Erfaringar og læring	27
4.2.7 Måloppnåing	28
4.2.8 Anbefalingar	29
4.3 Trivsel og tilhørsel	29
4.3.1 Organisering.....	29
4.3.2 Samarbeid og medverknad	30
4.3.3 Forankring	30
4.3.4 Aktivitetar.....	30
4.3.5 Læring, erfaring og funn	33
5.3.6 Anbefalingar.....	36
5 Fem anbefalingar om bu- og blilyst vidare i Hallingdal	37
6 Andre erfaringar og læring	42
6.1 Tidsperspektiv på prosessarbeid	42
6.2 Regionale forum for nettverk og deling.....	42
6.3 Refleksjonar frå samarbeidspartnerane	42
7. Vedlegg.....	46



1 Samandrag

Bakgrunn og mål

Programmet for regionalt bu- og blilyst vart etablert som eit toårig samarbeid mellom Hallingdals kommunane, Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune i 2023. Målet var å finne ut kva tiltak som best bidreg til å behalde og tiltrekke innbyggjarar, og å få dette arbeidet inn i ordinær drift i kommunane. Programmet har vore delt inn i tre delprosjekt: attraksjonskraft, bustadutvikling og trivsel og tilhørsel.

Hovudfunn og resultat

- Viktig å styrke Hallingdal som merkevare og tilflyttungsregion.
- Tiltaka *Emigration Expo*, *Trainee Hallingdal* og utvikling av nettsida www.hallingdal.no har vore viktig for attraksjonskraft.
- Tilflyttarar søker natur, meir plass og betre livskvalitet, men møter utfordringar som avgrensa bustadtilbod, lite informasjon og varierande tenestetilbod. Sosial tilhørsle, jobb og lokal kultur er viktig for trivsel og varig busetjing.
- Bustadutfordringane er i endring. Det er ikkje alltid samsvar mellom bustadutfordringane, mål og gjennomføring i kommunane i Hallingdal og det trengs eit «heilskapsansvar» for bustad.
- Samarbeid om deling og kunnskap kan vere eit grep for å styrke kommunal og regional bustadutvikling.
- Nyskapande bustadkonsept som «Reveskogen» og «Solenga» har eit attraksjonspotensiale og kan bidra til trivsel og tilhørsel hjå tilflyttarar, og bør utforskast av kommunane.
- Piloten *Boligguiden* er etablert for å hjelpe tilflyttarar med bustad og informasjon.
- Tiltak som *Trivselsstrategien*, *Hallinghygge*, *velkomstmøte*, *transportstøtte* og *ordførarbesøk* er pilottesta i alle kommunane og har stort sett hatt positiv effekt.
- Viktig å skape møteplassar, inkludering og tilhørsel, særleg for ungdom og nye innbyggjarar.

Læring og erfaringar

- Det tek tid å forankre og implementere nye arbeidsmåtar i ein region.
- Kommunar som har vore mest involverte i programmet, har fått størst utbytte.
- Samarbeid mellom offentleg og privat sektor er avgjerande for å lukkast.
- Det er behov for vidareføring og forpliktande samarbeid for å sikre varig effekt.

Vidare anberfalingar med bulystarbeid

1. Ta i bruk kunnskapen fra bulystprogrammet
2. Forankre og styrke bu- og blilystarbeidet
3. Tilrettelege for tilflytting, trivsel og inkludering
4. Samordne og utvikle bustadpolitikken
5. Bygge merkevaren Hallingdal som ein attraktiv bu- og arbeidsregion



2 Innleiing

Hallingdals kommunane Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen og Flå etablerte saman med Regionrådet i Hallingdal og Viken (nå Buskerud) fylkeskommune i 2023 eit forpliktande 2-årig samarbeid, gjennom program for styrking av bu- og blilyst i regionen. Samarbeidet hadde utspring frå det etablerte «regionale bulystforumet» i Hallingdal og Nore Uvdal. Kommunane såg tidleg stor verdi i samarbeid på tvers av kommunegrensene (regionsgrensene) og hadde ambisjonar om at denne jobben kanskje kunne bli til eit forskingsprosjekt saman med t.d. Distriktscenteret og Fylkeskommunen. Buskerud fylkeskommune såg eit stor potensiale i samarbeidet på regionsnivå saman med sin satsing på stadutvikling, besøksforvaltning og bu- og blilyst.

Programmet sitt hovudmål har vore å finne ut kva tiltak som gir best effekt i regionen, for å behalde innbyggjarar, men også å tiltrekkje nye tilflyttarar. Vidare har det vore eit mål at programmet skal over i drift i kommuneadministrasjonane, etter gjennomførte hovudprosjekt. Det var også eit mål å få ein meir systematisk oversikt over kva som allereie er kartlagt på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Målet med å etablere eit 2-årig prosjekt var å kartlegge unike og felles utfordringar, og kome fram til meir kunnskaps- og behovsbasert stad- og næringsutvikling i kommunar og regionen, som også kan ha overføringsverdi til andre kommunar og regionar.

Bu- og blilyst har eit breitt omfang, både med tanke på målgrupper, interessentar og fokusområde. Difor blei det valt å etablere eit program inndelt i tre delprosjekt, for å møte både unike og felles utfordringar for kommunane i regionen. Dei utvalde delprosjekta i programmet har vore *attraksjonskraft, bustadutvikling og trivsel og tilhørsel*.

Programmet starta hausten 2023 med eit forprosjekt der ein jobba med å sette organiseringa, lage planar, mål og mandat for hovudprosjektet, samt jobbe med forankring av programmet i kommunar og blant samarbeidspartnarar. Forprosjektet blei også nytta til å arbeide med kunnskapsgrunnlaget i delprosjekta som var med å legge grunnlaget for gjennomføring av hovudprosjektet som starta på nyåret i 2024.



3 Organisering

Programeigarane for prosjektet har vore ordførarane i alle kommunane i Hallingdal.

Styringsgruppa har bestått av kommunedirektørar og rådmenn (KRU) i Hallingdal, Buskerud Fylkeskommune, Regionrådet for Hallingdal og Distriktsenteret (observatør). Det har blitt halde styringsgruppemøte 2–3 gonger årleg gjennom programperioden, og styringsgruppa har gitt retning til delprosjekta.

Programmet har vore leia av to programleiarar, i høvesvis 40 % stilling frå august 2023 til januar 2024 og i 20 % stilling frå juni 2024 til juni 2025. Desse har hatt det overordna blikket på heile programmet, koordinert styringsgruppemøte og programleiarmøte m.m.

Programmet har hatt ei programleiargruppe som har møttest månadleg gjennom hovudprosjektperioden. Her har prosjektleiarane presentert status og fått tilbakemeldingar og innspel til arbeidet. I programleiargruppa har Buskerud fylkeskommune, Fjellnettverket og Distriktsenteret delteke. Dette har vært den arbeidande og mest aktive gruppa i programmet forutan arbeidsgruppene i delprosjekta.

Dei tre delprosjekta har hatt kvar sin prosjektleiar, som har arbeidd med innhald og pilotering av tiltak gjennom heile programperioden i samarbeid med si arbeidsgruppe og ulike referansegrupper gjennom programperioden.



3.1 Målgrupper

Målgruppene i programmet har variert fra delprosjekt til delprosjekt. I hovudsak har det vore unge voksne, men også ungdom og eldre har vore ein del av målgruppa i enkelte delprosjekt.



3.2 Føremål med programmet

Prøve ut, måle og evaluere: Finne ut kva for tiltak som gir best effekt i regionen, for å behalde innbyggjarar, hindre fråflytting og samstundes tiltrekke nye tilflyttarar.

Drifte: Eit vidare mål er at programmet skal gå over i driftsfase etter at hovudprosjekta er gjennomførte.

Dokumentere: Det er òg eit mål å få ein meir systematisk oversikt over kva som allereie er kartlagt på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, då dette i dag er vanskeleg å få oversikt over.

3.3 Programfinansiering

Programmet er finansiert med kr 1 MNOK fra Buskerud fylkeskommune, kr 800 000 fra Husbanken og Distriktsentret sin tilskotsordning Bustadtiltak i distrikt og kr 200 000 fra omstillingssmidlar frå fylket til Hallingdal (ordninga Sats på Hallingdal). I tillegg har kommunane, Regionrådet for Hallingdal, Buskerud Fylkeskommune og Distriktsenteret bidrige med omfattande eigeninnsats alle som har arbeidd med programmet.



Aktør	Midlar	Tildelt
Buskerud Fylkeskommune	1.000.000	Delprosjekt attraksjonskraft og trivsel og tilhørsel + programleiring
Sats på Hallingdal	700.000 + 200.000	Bustadnettverk Hallingdal + delprosjekt bustadutvikling
Husbanken	250.000 + 550.000	Delprosjekt bustadutvikling
Kommunane	Eigeninnsats	
Regionrådet for Hallingdal	Eigeninnsats	
Buskerud Fylkeskommune	Eigeninnsats	
Distriktsenteret	Eigeninnsats	
Totalt	2.700.000 + eigeninnsats	

3.4 Mål

- **Programmet skal legge til rette for eit godt kunnskapsgrunnlag** for å møte reelle behov for tiltak innan bu- og bli-lust-arbeid på regionalt nivå, med overføringsverdi til andre regionar.
- **Programmet vil utvikle innovative løysingar** for å bevare innbyggjarar og tiltrekke tilflyttarar til Hallingdal.
- **Banebrytande og reell samskapning** til det beste for regionen, basert på god forankring og tillit, strategisk samarbeid og handlekraft til å omsetje ord til handling.
- **Hallingdal har, gjennom eit solid samarbeid mellom offentlege og private aktørar,** klart å finne løysingar for berekraftig og behovsbasert bustadutvikling for å møte demografiutfordringane og styrke lokalsamfunna.
- **Ved programslutt i 2025** skal det utarbeidast strategiar og mål for å **få det regionale og kommunale bu- og bli-lust-arbeidet over i driftsfase.**

3.5 Berekraft

Programmet har bidratt med å jobbe mot å nå FNs berekraftsmål nummer 3, 4, 8, 10, 11, 17.



4 Hovudprosjekt

Hovudprosjektet starta rundt nyttår i 2024 og har pågått i 1,5 år. I denne fasen har delprosjekta arbeidd med ulike aktivitetar og tiltak som har vorte prøvde ut i regionen. Det er skaffa midlar til å gjennomføre fleire større kartleggingar og prosjekt som har kosta meir enn den opphavlege tildelinga til programmet.

Under vert kvart delprosjekt presentert for seg, med organisering, samarbeid, forankring, brukarinvolvering, aktivitetar og resultat. I tillegg vert kvar del avslutta med ei oppsummering av læring, erfaringar og funn, samt tilrådingar for vidare arbeid.

4.1 Attraksjonskraft

Delprosjektet attraksjonskraft har hatt fokus på tilflytting og eksponering av regionen utanfor Hallingdal. Hallingdal er ein av Noregs største turistregionar og i tillegg skjer det utruleg mykje i privat og offentleg næringsliv. Målet med delprosjektet var derfor å få dette tydelegare fram.

Tre fokusområde i delprosjektet har vore: Bygge merkevara Hallingdal, å prioritere gode (offentlege) attraksjonsprosjekt og å gjennomføre ei undersøking om kva som skal få fleire til å flytte ut av byane.

Innunder arbeidet med merkevara Hallingdal har vi undersøkt «kva Hallingdal er» og kva for historier vi kan samle oss om, med mål om å fortelje ei meir heilhetleg og samla historie i marknadsføring og på ulike rekrutteringsarenaer eller andre møteplassar.

Innunder det å prioritere gode, offentlege attraksjonsprosjekt har vi jobba for å få regionen til å samle seg om desse initiativa: Emigration Expo, Trainee Hallingdal, Start-Up Extreme, Campus Hallingdal og Utdanningssenter Geilo, USG.

Innunder arbeidet med ei undersøking av flyttemotiv har vi arbeida saman med Fjellnettverket for at Hallingdal skal bli ein pilot som nyttar ny kunnskap for å få fleire til å flytte ut frå storbyane og opp til fjells.

4.1.1 Organisering

Arbeidet starta hausten 2023 med å sette ned ein arbeidsgruppe for delprosjektet attraksjonskraft. Den bestod da av Jorun Utne og Maria Grevsgard frå Regionrådet for Hallingdal og Staffan Landsmann-Wiwe frå Ål kommune.

Etter kvart vart gruppesamsetninga endra noko, og i hovudprosjektperioden har prosjektgruppa for attraksjonskraft bestått av:

- Staffan Landsmann-Wiwe, Ål kommune (leiar)
- Maria Grevsgård, Sats på Hallingdal /Trainee Hallingdal
- Kari Randen, Fjellnettverket
- Mette Thielemann, Buskerud Fylkeskommune



Det var tidleg eit ynskje frå prosjektgruppa om å få inkludert næringslivet og ulike, allereie pågåande “attraksjonsprosjekt” i ei referansegruppe. Den har bestått av:

- Ørjan Ruud, Hallingdølen
- Tom Roll, Hallingdal næringshage
- Erik Paule, Hallingdal Etablerersenter (Startup Extreme)
- Knut Arne Gurigard, Campus Hallingdal
- Tore I. Hellebø, USG

Dei som har jobba med Hallingdal.no, er:

- Jorun Utne, prosjektleiar
- IKT Hallingdal
- Hallingcast, innleidt konsulent

Arbeidsgruppa for kartlegginga av flyttemotiv (som blir gjennomført av Høgskulen i innlandet):

- Kari Randen, Fjellnettverket (leiari)
- Distriktsenteret
- Buskerud fylkeskommune

4.1.2 Samarbeid og medverknad

Eit breitt spekter av aktørar har deltatt i arbeidet i prosjektperioden. Frå kommunepolitikarar, administrasjon, lokalt næringsliv, vidaregåande skule på Gol til fylkeskommunal administrasjon og regionale aktørar som USG og USN.



Det har vore invitert til Vannhull (møteplassen til Hallingdal næringshage), workshops for kommunalt tilsette, politikarar og næringsliv og gruppermøte.

I januar 2024 inviterte delprosjektet saman med Vannhull Hallingdal til workshop med tema attraksjonskraft. Dette var ein forankrings-workshop, der offentlege og private verksemder skulle jobbe med omgrepene attraksjonskraft og lande utsegn ein var einige om.



Vidare hadde vi i juni 2024 ein workshop med offentlege og private aktørar, som vart retningsgivande for prosjektet. Det kom innspel til vegen vidare og viktige satsingsområde.

På ein workshop med ungdomar (avgangselevar på Gol vgs.) i juni 2024 (etter same mal som januarsamlinga) fekk vi ytterlegare innsikt i målgruppa sine synspunkt. Det fekk vi også på vår bu- og blilyst stand på yrkesmessa på Storefjell, i januar 2025.

4.1.3 Forankring

For dette delprosjektet har forankringsarbeidet i stor grad vore praktisk

relatert til workshops, innspelsmøter og ressursgruppemøter. Forankring av tiltak har delvis ligge i prosjektleiargruppa delvis i Regionrådet for Hallingdal.

Undersøkinga som er gjort i samarbeid med Fjellnettverket er skapt i dette arbeidet. Arbeidet med ei ny landingsside for Regionrådet og Hallingdal, www.hallingdal.no, vart avgjort av Regionrådet for Hallingdal.

4.1.4 Aktivitetar

Hovudaktivitetane vi har gjennomført i prosjektet, er:

- Workshops med Gol VGS
- Workshops ifbm Vannhull Hallingdal
- Dagssamling for politikarar og kommuneadministrasjon i regionen
- Ferdigstille bestilling for kunnskapsgrunnlag
- Etablering av utvida arbeidsgruppe
- Utarbeide kommunikasjonsplan
- Delta på Emigration Expo
- Delta på yrkesmessa på Storefjell
- Undersøking om flyttemotiver for å flytte til fjells



4.1.5 Resultat og funn

I det følgande delkapittelet oppsummera vi resultat og funn av aktivitetane vi har gjennomført.

Resultat/ funn 1: Merkevara Hallingdal

Workshopane om "attraksjonskraft" har avdekkat kva deltararane meiner er attraktivt i Hallingdal. Workshopane har saman med dagsamlinga for politikarar og kommuneadministrasjon skapt engasjement og retning for prosjektet.

Hallingdal bør, ifølge desse workshopane, bygge si merkevare på følgande verdiutsegn:

- Moglegheit til å vekse og tid til å leve
- Å vere ein stor del av noko lite er betre enn å vere ein liten del av noko stort
- Moglegheit for påverknad, medverknad og engasjement
- Gode relasjonar som skaper samhald
- Vakker natur og store tilbod for alle aldersgrupper

På den regionale dagsamlinga i juni 2024 vart det framheva at merkevara Hallingdal bør bygge på følgande målsetjing:

«Målet er at Hallingdal i 2027 skal vere ein attraktiv region med befolkningsvekst, driven av eit grønt og innovativt næringsliv, breitt utdanningstilbod og trivsel for alle aldersgrupper.»

Ungdommen sine synspunkt, slik dei kom fram på workshops og på yrkesmessa i 2025:

Ungdom (15-19 år) meiner det beste med å bu i Hallingdal er naturen, spesielt mykje snø, skimogleheter, passe storleik, mange moglegheiter, stort fritidstilbod og godt miljø. Dei saknar betre kollektivtransport, fleire klesbutikkar, fleire innandørsaktivitetar som trampolinepark og svømmehall, og fleire møteplassar for ungdom.



Resultat/ funn 2: Samarbeid med næringslivet

Når det gjeldt samarbeid med næringslivet er vi stolte over å ha fått til:

- Saman med lokalavisa Hallingdølen er «Opp og fram» blitt lansert. Magasinet og nettsida fortel ulike vinklar på å bu og leve i Hallingdal med fokus på lokalt gründerskap og næringsliv. Dette er eit resultat av samarbeidet Regionen og



lokalavisa har. Både i samband med jobbar: www.jobbihallngdal.no, grafisk profil på kommunale stillingar i Hallingdølen og no eit content-magasin som både viser "attraksjonskraft" og bulyst, [Opp og fram - Opp og fram](#).

- Eit anna eksempel er at Hallingplast no viser trivselsstrategien sin på sine digitale skjermer i kantina og ved resepsjonen (les meir i kap. 4.3.4).
- Samarbeide med USN om at marknadsføring av studierettingar og attraksjonskraft for Hallingdal ses i samanheng.
- Samarbeide med Sats på Hallingdal om Trainee-ordninga:

Trainee Hallingdal er eit traineeprogram som gir nyutdanna med bachelor- eller mastergrad moglegheit til å starte karrieren i ei eller fleire verksemder i Hallingdal. Det er eit viktig prosjekt for å sikre tilgang på kompetanse til næringslivet. Prosjektet er finansiert både av omstillingsprogrammet Sats på Hallingdal og dei deltagande verksemndene. Det er Sats på Hallingdal som har utvikla og administrert Trainee Hallingdal.

- Kull 1: Seks traineear blei tilsette i fire verksemder i det første kullet. Det var 85 søkerar til dei seks trainee-stillingane. Oppstart var i august 2024.
- Kull 2 vil ha oppstart i august 2025. Det ligg an til å bli fire stillingar i tre verksemder. Det var 60 søkerar til kull 2 av Trainee Hallingdal.

Resultat/ funn 3: Deltaking på Emigration Expo med regional stand

Det 3-årige regionale prosjektet med deltaking på Emigration Expo har vist seg å vere ein stor suksess for Hallingdal. I 2024 og 2025 hadde Hallingdal ein stand på messa. Det var 8 representantar frå Hallingdal med ulik bakgrunn, jobbar og bustader i Hallingdal, blant anna Hallingdal Etablerersenter. Det var gjennomført 2 presentasjonar for om lag 150 – 200 personar.



Av 36 (vaksne) som tok kontakt i etterkant av messa, har 11 busett seg og funne jobb i Hallingdal. Altså 30% av dei som tok kontakt, bur og jobbar no i regionen vår.

I 2025 delte vi i tillegg ut 200 visittkort, hadde oppretta eigen heimeside, [Hallingdal | Frontpage](#).



I skrivande stund er det 39 personar (vaksne) som har tatt kontakt. Fleire har allereie besøkt Hallingdal og allereie frå september 2025 skal ein familie på tre busette seg i Hemsedal.

Oppfølginga av kontaktar er essensiell. I 2024 var det ad hoc mellom Regionrådet, næringsutviklarane og Etablerersenteret. I 2025 er fysste kontakt med Regionrådet med etterfølgande distribusjon av kandidatar til de ulike kommunane primært basert på potensielle jobbar.

Resultat/ funn 4: Flyttekartlegging

Gjennom arbeidet med attraksjonskraft vart det i samarbeid med Fjellnettverket kartlagt kunnskap om målgruppa. Gjennomgangen viste manglande forsking på området. Tradisjonelt har arbeidet med tilflytting i distrikta fokusert meir på tilbakeflytting. Skal ein region som Hallingdal nå ut med kommunikasjon for å få fleire til å flytte til regionen, var konklusjonen at det var nødvendig å ha meir kunnskap om målgruppa, slik at ein kan målrette kommunikasjonen og meir strategisk kommunikasjon mot aktuelle tilflyttarar.

I samarbeid med Fjellnettverket vart det gitt eit oppdrag til Universitet i Innlandet/Østlandsforskning om å gjennomføre ei undersøking blant tilflyttarar i fjellområda. Målsetninga var å finne ut meir om haldningar, verdiar og livsstilsynskje som låg til grunn for avgjerda om å flytte.

Studien identifiserer fleire sentrale faktorar som påverkar tilflyttarane sine val:

- **Natur:** Nærleik til naturen er ein av dei viktigaste motivasjonane for å flytte til fjellkommunar. Tilflyttarar verdset både dei praktiske og estetiske sidene ved naturlege omgjevnader.
- **Livsstil:** Ønskje om betre balanse mellom arbeid og fritid, samt større nærleik til naturen, blir òg framheva som ein viktig grunn.
- **Livsfase:** Tilflyttarar i etableringsfasen legg vekt på jobbmoglegeite og lettare tilgang til bustadmarknaden i fjellkommunar. For familiar med barn er gode oppvekstvilkår ein viktig faktor.
- **Oppvekstmiljø:** Familiar trekkjer fram tryggleik, små skuleklassar og god barnehagedekning som viktige grunnar for val av bustad.
- **Push-pull-faktorar:** Nokre informantar opplever byen som hektisk og stressande, med støy, trafikk og mange inntrykk – i kontrast til ro, stillheit og god plass i fjellkommunane. Mangel på tilstrekkeleg eller eigna plass blir ofte nemnt som ein viktig push-faktor, særleg blant dei som ønskjer å halde dyr, anten det er kjæledyr eller husdyr.
- **Stadstilhørsle:** Sjølv om informantane ikkje har flytta tilbake til heimstadkommunen sin, har mange ei form for erfaring, inntrykk eller kjennskap til staden dei har valt å busetje seg i. Nokre har denne tilhørsla gjennom familie eller tilgang til fritidsbustad i området.



- **Fridom:** Flytting til fjellområda blir opplevd som ei moglegheit til å leve eit friare liv – økonomisk, sosialt og fysisk.

Undersøkinga blei ferdig juni 2025 og lansert på Fjellkonferansen 2025 i Hemsedal 21.-22. august. Innsikta herifrå kan vi nytte til å forstå og tilretteleggje for nye hallingar samstundes som at det vil hjelpe oss til å styrke marknadsføringa inn mot målgruppa.

4.1.6 Læring og erfaring

Ting tek tid. Prosessarbeid på tvers av kommunegrenser med offentleg og private bedrifter tek endå lengre tid. Det å stå i det uvisse, ikkje å vite kva som er neste skritt, er krevjande for mange, og krevjande for nyopprettet grupper. Men også det praktiske med koordinering av møter osv. skal ikkje neglisjerast.

Som ein i referansegruppa sa: «*Det er som om det finst mange ingrediensar til ei god kake, men oppskrifta på kaka finst ikkje endå.*»

Referansegruppa har ikkje nådd sitt fulle potensial. Det har vore utskifting av enkeltpersonar, attraksjonsprosjektet har endra seg (Start-Up Extreme har gått konkurs), og både USG og Campus Hallingdal er unge organisasjonar som skal finne plassen sin.

Kaka er med andre ord framleis «in the making», men vi trur likevel at vi har dei riktige ingrediensane (folka/bandrifter/organisasjonar). Dette er ein av grunnane til at vi ynskjer å vidareføre dette samarbeidet etter at prosjektet er avslutta.

Vi ser også viktigheita av å ha kopla både Hallingdølen og Hallingdal Næringshage tett på prosjektet når næringslivet skal involverast i høgare grad med vidareutviklinga av www.hallingdal.no.

Hallingdølen har ei dobbeltrolle i både å ha interesse i å gjere Hallingdal attraktiv med spennande innhald, samtidig som dei er ein privat aktør som må selje produkta sine. Ved å vere med i referansegruppa viser dei at dei ser seg sjølv som viktige i attraksjonskrafts-arbeidet.

Funn frå flyttekartlegginga viser at tilflyttarar ofte søker natur, større plass og betre livskvalitet, men dei møter utfordringar som avgrensa bustadtilbod, mangelfull informasjon og varierande tilgang til tenester. Sosial tilhørsle, arbeidsmoglegheiter og lokal kultur blir òg framheva som viktige faktorar for trivsel og varig busetjing. Basert på desse resultata meiner vi at fjellkommunane kan tene på å utvikle eit variert bustadtilbod, styrke informasjonsarbeidet, fremje lokal natur og kultur, og arbeide for eit inkluderande lokalsamfunn for å tiltrekke og halde på tilflyttarar.



Måla i prosjektet har vore å:

- Få kunnskap om målgruppene og definere spissa tiltak som møter målgruppene behov
- Få kunnskap om korleis ein får eksisterande satsingar/prosjekt i regionen til å spele på lag for å utnytte ressursane best mogleg og operasjonalisere tiltak i fellesskap
- Kommunane i Hallingdal har forplikta seg til det regionale samarbeidet og bidreg aktivt til at strategiar og tiltak for attraksjonskraft går over frå prosjekt til drift
- Dynamisk og langsiktig samarbeid i regionen for å styrke og ivareta attraksjonskraft også på lang sikt.

Når prosjektet avsluttast sommaren 2025 har vi oppnådd følgjande:

- Vi har fått god innsikt i det «interne» synet på Hallingdal. Kva de som bor her definerer som attraksjonskraft.
- Vi har fått relansert www.hallingdal.no som nå finnes på både norsk og engelsk og som tar for seg «bo og lev», «Jobb og studier», «Opplev Hallingdal» og «Regionrådet for Hallingdal» som har ulike prosjekter og samarbeider som eit punkt.
- Regionalt bulystforum eksisterer, men må ivaretakast i framtidig driftsfase.
- Det er satt i verk eit omfattande samarbeide med Ål ungdomsskole, Ål og Gol VGS, Karrieresenter Buskerud, Ungt Entreprenørskap, USN og Hallingdal Næringshage for å ivareta at ungdommar veks opp med god kunnskap om regionen.

4.1.7 Anbefalingar

Vi har jobba systematisk og godt med attraksjonskraft i Hallingdal i dette delprosjektet, men er langt ifrå i mål.

Vi i prosjektgruppa kjem til å jobbe vidare med:

1. Vidareutvikling av www.hallingdal.no saman med Hallingdal Næringsforum og Regionalt bulystforum Hallingdal, som ein rekrutteringskanal. Kan det sjåast i samanheng med næringslivspartnarar som Hallingdølen og Hallingdal næringshage?
2. Samarbeid med Ungt Entreprenørskap, rådgivar på Ål ungdomsskule, VGS Ål og Gol, Karriere Buskerud, Hallingdal Næringshage og næringsutviklar i Ål kommune om å skape større stoltheit og kunnskap om moglegheitene i Hallingdal. Korleis kan næringslivet passe inn i løpet frå 4. klasse i barneskulen til VGS (og USN)?
3. Kartlegge i samarbeid med USN - høgare utdanning med Campus Hallingdal. Kvifor vel folk Hallingdal? Undersøking blant studentane.
4. Undersøke næringslivets vilje til å inngå samarbeid om t.d. felles marknadsføringsplattform for Hallingdal. Styrke merkevara “Hallingdal”!



I tillegg har vi desse anbefalingane til kvar enkelt kommune og regionen samla:

- Kvar kommune må fortsette arbeidet med bu- og blilyst. Finne ansvarsperson(ar) og delta aktivt i regionalt bulystforum.
- Setje av midlar til kunnskapsbasert tilflyttingsarbeid. Arbeidet som er byrja saman med Fjellnettverket må vidareførast og nyttast til rekrutterings-/marknadsføringsarbeid.
- Setje av midlar til marknadsføring av Hallingdal til å:
 - vidareutvikle www.hallingdal.no til merkevare- og rekrutteringsarbeid
 - gjenoppta "Hallingtreff" i regi av Regionrådet som ein nasjonal rekrutteringsarenaer
 - oppretthalde kommunalt fokus på Trainee-ordninga
- Oppretthalde referansegruppa som ei innspelsgruppe til vidare marknadsføringsarbeid regionalt.

4.2 Bustadutvikling

Innunder det regionale bulystprogrammet i Hallingdal har vi i tillegg hatt eit delprosjekt som har handla om bustadutvikling. Regionen ser nemleg at bustadutvikling - som mellom anna omfattar ein heilhetleg bustadpolitikk i kommunane og tett samarbeid mellom kommunar, verkemiddelapparatet og privat næringsliv - er ein viktig føresetnad for bu og blilyst. Bustadutviklinga påverkar både regionens attraksjonskraft og innbyggjarane si oppleving av trivsel og tilhørsel, og er slik tett samanvevd med dei andre to innsatsområda i programmet.

Eit overordna mål i bulystprogrammet 2023-2025 er at Hallingdal: «gjennom et solid samarbeid mellom offentlige/private aktører har evnet å finne løsninger for bærekraftig og behovsbasert boligutvikling for å møte demografiutfordringene og å styrke lokalsamfunnene.» (jf. programplan vedtatt 10.10.2023).

Hovudmålet i delprosjektet om bustadutvikling har vore å *undersøke og utvikle nye samarbeidsformer og modellar for bustadutvikling i regionen.*

4.2.1 Organisering

Prosjektleiing: Delprosjektet har vore leia av Anne Nordheim, prosjektleiar for bu- og blilyst i Ål kommune 2022-2025, i ein kapasitet tilsvarande omlag 20% i perioden 2023-2025.

Økonomi: Kostnader til prosjektleiing har vore dekt gjennom Ål kommune sitt bu- og blilystprosjekt. Kostnader til aktivitetar og tiltak har vore dekt gjennom tilskotsmidlar frå



Sats på Hallingdal (2023: Tilskot a kr 200 000) og Husbanken/ Distriktsentret si tilskotsordning Bustadtiltak i distrikt (2023: Tilskot a kr 250 000, 2024: Tilskot a kr 550 000).

Styring: Sidan delprosjektet har vore ein del av det kommunale bulystprosjektet i Ål har det både rapportert til Formannskapet i Ål kommune, som har vore styringsgruppa for Ål sitt bu- og blilystprosjekt og til styringsgruppa for regionalt bolystprogram (KRU + Buskerud fylkeskommune + Distriktsentret).

Fordelar/ ulemper med organiseringa: Fordelen med einheitleg organisering av delprosjektet hjå ei kommune og ein dedikert prosjekttressurs er at det har vore lett å følgje opp og å avsette tid og ressursar til å jobbe langsiktig og konsekvent med prosjektet. Ulemper med denne organiseringa er at det er vanskeleg å oppnå god forankring regionalt/ i andre kommunar. Gevinstrealiseringa har utvilsamt vore størst i den kommunen som har hatt prosjektansvaret.

4.2.2 Samarbeid og medverknad

Prosjektet har samarbeida breitt gjennom ulike innfallsvinklar med ei rekke aktørar i lokalsamfunnet, både kommunalt og regionalt.

Delprosjekta i regionalt program for bulyst

Vi har hatt eit tett samarbeid med dei to andre delprosjekta i det regionale bulystprogrammet i Hallingdal: Attraksjonskraft og trivsel og tilhørsel. Det har bidrige til ei heilskapleg tilnærming til bu- og blilyst som er svært verdifull. Prosjekta har hatt jamnlege møte 1-2 gonger pr mnd i heile programperioden, samt halde ei rekke felles presentasjonar for programstyret. Vi har også samarbeida tett om:

- Bestilling av kvalitativ analyse av bustad, attraksjonskraft og trivsel/tilhørsel i Hallingdal våren 2024. Samarbeid om å fasilitere fire fokusgrupper med til saman 40 personar. Ekstern bistand frå AN:NA Design + Growlab.
- Regional samling om bu- og blilyst i Hallingdal i juni 2024. Presentasjon av funn frå den kvalitative analysen og bustadkartlegginga samt anna kunnskapsgrunnlag. Samarbeid om å fasilitere workshop om regionale og kommunale bulysttiltak for politikarar og administrativ leiing i kommunene.

Bustadnettverket i Hallingdal

Hausten 2023 etablerte Hallingdal Næringshage (med tilskot frå omstillingsprogrammet Sats på Hallingdal) eit offentleg-privat bustadnettverk, som vi i perioden 2023-2024 samarbeida tett med . Bustadnettverket dekte t.d. ein del av kostnadene knytt til gjennomføring av bustadbehovskartlegginga og har arrangert fleire møter mellom næringsliv og kommunene. Vi bidrog med workshopfasilitering på to av fem nettverksmøter. Samarbeidet med bustadnettverket har vore viktig i høve til:



- å ha ein arena for å drøfte bustadtema på tvers av kommuner og ulike aktørar
- å få løfta tematikken inn på politisk og næringslivets dagsorden
- å etablere nye samarbeid og konstellasjonar på tvers av regionen og av ulike aktørar

Andre samarbeidspartnarar

Vi har i tillegg hatt eit tett og godt samarbeid med:

- **Husbanken:** Rådgjeving, finansiering, formidling og erfaringsdeling.
- **Distriktsenteret:** Rådgjeving og drøfting, spesielt knytt til utlysning av oppdrag om bustadpolitisk utgreiing i 2024-2025. Finansiering, formidling, erfaringsdeling.
- **Sats på Hallingdal:** Finansiering til dette prosjekt og bustadnettverket i Hallingdal.
- **AN:NA Design og Growlab:** Design/ tenestedesignbyrå som har utført kvantitativ bustadkartlegging og kvalitativ bulystanalyse på bestilling. Har også halde DOGAs dybdekurs i designdrive innovasjon for Ål kommune.
- **KINICO Arkitektar:** Arkitektkontor som har utforma konseptskisser og jobba med marknadsanalyser av desse.
- **Hallingdal Hytteservice:** Lokal utbyggar med nedslagsfelt i heile regionen. Tett samarbeid om behovsbasert utbygging, innbyggarmedverknad og nye bustadmodellar.
- **Bu i Skurdalen:** Eldsjeldrive bulystprosjekt i Hol kommune som har utvikla tomtefelt, bygd prøvebustader og bustader for sal. Erfaringsdeling.
- **Ål pensjonistforbund, Ål eldrelag og Bygdekvinnelaget i Ål:** Samarbeid om bustadmøter for eldre.
- **«Bu- og blilyst-nettverk» med andre kommuner,** inkl. Nore og Uvdal, Skjåk, Vinje, Rindal og Tinn. Fagkollegium, erfaringsdeling og kompetanseoverføring.

4.2.3 Forankring

Prosjektet har vore godt forankra både økonomisk, politisk og administrativt i Ål kommune. Det har vore meir krevande å få god forankring i dei resterande Hallingdalskommunene. Hol og Hemsedal kommune (via kommunens bulystforum-representantar) bidrog riktig nok i oppstart av prosjektet, men grunna ressursutfordringar fekk vi aldri etablert ein varig, tverrkommunal prosjektorganisasjon.

At Ål kommune har vore aleine om eit prosjekt som har hatt eit regionalt omfang, har utvilsomt vore ei utfordring.

Den konkrete årsaka til at det har vore krevjande å etablere ein breitt forankra prosjektorganisasjon, har ifølge kommunane vore ressursbruk/ressurssituasjon. Den større, underliggende årsaka har vore manglande forankring frå administrativ og politisk leiing i dei andre kommunane om at bustadpolitikk er eit regionalt spørsmål og tema. Det har t.d. vore lite støtte i programstyret om at bustad er eit tema som ein bør bruke kommunale ressursar på å jobbe med på regionalt nivå.



At bustad primært blir sett som eit tema som den enkelte kommune sjølv skal ivareta, og at ein difor ikkje bør investere ressursar i regionalt arbeid, er ikkje overraskande. Det blir også bekrefta i funna i vår kartlegging av kommunanes bustadpolitiske arbeid (sjå kap. 4.2.7). Men at ikkje fleire kommunar såg eit potensial til gevinstrealisering nettopp i eigen kommune gjennom å delta i delprosjektet, er litt overraskande.

Ei årsak til at potensialet i dette delprosjektet ikkje kom tydeleg fram, handlar kanskje om at Bustadnettverket i Hallingdal vart oppretta på same tid og parallelt med det regionale bulyst programmet (og dette delprosjektet). Både kommunane og næringsliv såg kanskje eit større gevinstpotensial i å investere tid i nettverket enn i vårt prosjekt? Det kan i alle fall fram stå slik; sidan både politisk og administrativ leiing og mange næringslivsaktørar investerte å bruke tid på deltaking i nettverket, men altså ikkje dedikerte eller allokerete tilsvarende ressursar til dette prosjektet. Viss det er tilfellet må vi berre erkjenne at vi rett og slett gjorde ein for dårlig jobb med forankring innleiingsvis, og spesielt med å formidle kva verdi dette delprosjektet potensielt kunne få for den enkelte kommune og for ulike aktørar. Ei læring er derfor at det å bruke god tid på forankring - og særleg på å formidle «investeringspotensialet» - i eit prosjekt i oppstartsfasen, er ekstremt viktig.

4.2.4 Aktivitetar

Her følger ei oversikt over aktivitetar i delprosjektet, i kronologisk rekkefølge:

4.2.4.1 Kartlegging av bustadbehov og preferansar

Saman med bustadnettverket i Hallingdal gjennomførte vi des 2023- jan 2024 ei digital spørreundersøking hjå innbyggjarar og potensielle tilflyttarar til regionen. Formålet med kartlegginga var å få oppdatert kunnskap om bustadbehov og preferansar. Vi var også særleg interesserte i å undersøke haldningar til sosiale buformer og nye finansieringsløysingar (leige-før-eige, deleige osb). Målgruppene for undersøkinga var: Potensielle tilflyttarar, førstegangsetablerarar, innbyggjarar med annan landbakgrunn og personar over 60 år. Vi sendte ut to undersøkingar og fekk totalt 1113 respondentar. Dette fann vi ut:

Det er eit gap mellom inntekt og opplevd kjøpeevne for bustad i Hallingdal:

Av førstegangskjøparar oppgir 71% av dei spurte at dei ikkje har moglegheit til å kjøpe ein bustad til over 3 mill. Spesielt gjeldt dette for kategorien unge Hallingdølar opp til 45 år. Av desse bur mange aleine, men mange bur også med partner/ektefelle og er i jobb. Ei brei innvandrar-gruppe har for låg samla inntekt sjølv om dei bur med partner/ektefelle og er i jobb. Gjennomsnittsprisen på ein bustad i Hallingdal var i 2022 3,1 mill. kr. Ein kan anta at dette har auka.



Det finst eit tilflyttingspotensial, men mangel på bustader og relevante jobbar er ein brems:

Totalt 468 personer svara at dei er interesserte i å flytte til Hallingdal frå andre stader i landet. Det som stoppar dei frå å flytte er antal ledige bustader på den opne marknaden. Det er også behov for "relevante jobbar" til tilflyttargruppa. Denne gruppa har god økonomi: 19% oppgir at dei har moglegheit til å betale 6 millionar eller meir for ein bustad. Mange i tilflyttar-kategorien er i dag hytteeigarar i Hallingdal. Mange har også vakse opp i Hallingdal og ynskjer å flytte heim.

Respondentane er misfornøgde med bustadtilbodet i Hallingdal:

Få er fornøgde med bustadmarknaden i Hallingdal i dag, spesielt er det negativitet rundt prisnivå på både leiligheter og einebustader, og antal bustader på marknaden.

Ynskje om meir variert bustadtypologi og ulike finansieringsalternativ

Det er generelt eit ønske om eit meir variert bustadtilbod i heile regionen. I tillegg til einebustader er det ønskeleg med fleire leiligheter og rekkehus. Mange er også nysgjerrige på minihus/kompakthus og det å bu i sosiale buformer. Heile 35% av gruppa 60+ seier at dei ønsker å eige aleine, men som del av ein sosial buform. Ca halvparten av respondentane er interessert i "leige til eige" og andre finansierings-former som er lite utbreitt i Hallingdal, enno.

Naturnære bustader har attraksjonsverdi

Det er gjennomgåande at folk ønsker å bu i «landlege omgjevnader» og samtidig kunne gå og sykle i kvarldagen.

Kva resulterte det i?

Funn frå spørreundersøkinga er summert i ein hovudrapport og gjennom utarbeiding av seks ulike «personas» som representerer eit tverrsnitt av målgruppene sine behov, preferansar og haldningar til spørsmåla i undersøkinga.

Hovudrapporten og persona-galleriet vart presentert for kommunene og næringslivet i regionen på workshop i bustadnettverket i januar 2024. Lokalavisa Hallingdølen fulgte opp undersøkinga med fleire artiklar om funn og workshopen i nettverket. Dette bidrog igjen til å skape ein debatt og eit større sokelys på bustadtematikk i Hallingdal.

Bustadnettverket jobba våren 2024 med oppfølging av kartlegginga med tanke på å utvikle nye finansieringsalternativ for bustadkjøp i Hallingdal, m.a. ved å sjå til Oslobolig som ein mogleg modell for offentleg-privat bustadsamarbeid. Det er per i dag kun Hemnes kommune som jobbar vidare med ei utgreiing av dette.

I Ål kommune brukte vi kartlegginga til å løfte temaet om sosiale buformer på fleire opne møter med aldersgruppa 60+, der vi også inviterte lokale utbyggjarar til å lytte til innspel



og å delta i konseptutvikling.¹ Eitt av feire resultat av denne prosessen var at Hallingdal Hytteservice valte å planlegge og realisere Ål sentrumspark (eit sentrumsnært burettslagsprosjekt i Ål) med ein stor grad av fellesskapsfunksjonar som var ønska av målgruppa 60+. Då leilighetane vart lagt ut for sal i april 2025 vart 11 av 20 leiligheter selt umiddelbart, noko som bekreftar funn om at sosiale buformer er attraktivt hjå dei som nedskalerer frå einebustad til ein mindre bueining.

Her kan du lese og laste ned funn frå kartlegginga, oppsett med personas og funn frå workshopen med næringsliv og kommuner i Bustadnettverket 30.01.2024:

[Bustadkartlegging Hallingdal 2023-2024 - Hovudfunn.pdf](#)

[Bustadkartlegging Hallingdal 2023-2024 - Personas.pdf](#)

[Bustadkartlegging Hallingdal 2023-2024 - Workshop om funn.pdf](#)

I mai 2024 vidareutvikla vi personas-galleriet gjennom ei kvalitativ kartlegging der vi intervjua tilflyttarar/ innbyggjarar i Hallingdal. Funn frå fokusgruppeintervjua bekrefta i stor grad funna frå den kvantitative kartlegginga. Rapporten frå den kvalitative kartlegginga kan du laste ned her: [Bulystkartlegging Hallingdal 2024 - kvalitativ undersøking fokusgrupper.pdf](#)

4.2.4.2 Konseptutvikling bustadtypologiar

For å «operasjonalisere» funna frå kartlegginga med tanke på vidare utvikling, engasjerte vi vinteren 2024 arkitektkontoret KINICO til å utvikle to bustadkonseptskisser.

Bestillinga var open og kortfatta. Innanfor ei fastsett ramme ynskte vi oss «ei undersøking av moglegheiter og konsept for to bustadtyper:

1. Eit ruralt beliggande småbrukstun med rimelege, plasseffektive bustader med småbruksinspirert preg, som kan attrahere tilflyttarar og førstegangskjøparar
2. Ei urban, sentrumsnær, sosial buform for seniorar og familiyar, som er attraktiv for seniorar som vil bu sentralt og familiyar som ikkje ønsker/har råd til eigen einebustad..»

Konsepta vart utvikla i dialog mellom kommunen og KINICO, og med medverknad frå om lag 100 innbyggjarar i aldersgruppa 60+ som deltok på konseptutviklingsworkshop, og ca 10 småbarnsfamiliyar som deltok på befarings-workshop i skogen. For begge skissene hadde vi aktuelle tomter avsett til bustadformål, som vart lagt til grunn for utarbeidning av områdeplan for konsepta. Dette fann vi ut:

Av dette arbeidet har vi først og fremst lært at **bustad er eit tema som engasjerer** og som innbyggjarar i ulike livsfasar har eit stort ønske om å vere med å utvikle og utforme. På møter og arrangement der temaet har vore oppe til diskusjon, har det delteke over

¹ Inkludert «Bustadmøte for eldre» 24.4. og 4.6.2024 (saman med Ål pensjonistforbund) og på møte i Ål Eldrelag 16.10.2024.



100 peronar. Prosjektet har vist oss at innbyggarengasjement er ein stor verdi, som når realisert på ein konstruktiv måte og med gode rammer, kan gi stor gevinst for private utbyggjarar, kommune og lokalsamfunnet.

Vi har også opplevd at **utbyggjarar set stor pris på å bli inkludert i kommunale utgreiingsprosjekt**, sjølv om det er tidleg og ein berre er på «tenke- og drøymestadiet».

Utbyggjarane har meldt tilbake til prosjektet at det har hatt stor verdi for dei at kommunen har gjort behovs- og preferansekartleggingar og invitert til opne arrangement.

For bustadprosjektet Ål sentrumspark (Hallingdal Hytteservice), som hadde prosjektstart parallelt med vårt prosjekt, har dialogen med innbyggjarane og funn og innspel frå kartlegging og konseptutvikling blitt ein del av prosjekteringen. Vi ser

altså at vi **som kommune ved å ta ei samarbeids- og dialogbasert tilretteleggjarolle har hatt stor påverknad på eit privat utbyggingsprosjekt**.

Konseptskisse 1: Solenga

Bustadkonseptet for Solenga er leiligheter i ulike storleikar i eit større bygg i Ål sentrum, supplert med ulike typer fellesareal.

Leilighetene i Solenga er tenkt for bebuarar i ulike livssituasjonar: Nokre er til einslege, andre til par og nokre til familiar. Det er eit viktig aspekt ved konseptet at det skal blande generasjonar i eit felles, sosialt bumiljø.

Fellesarealet på bakkeplan har ulike funksjonar: Her kan det vere alt frå felleskjøkken til stove til aktivitetsrom.



Konseptskisser av Kinnito Arkitektar, forkonseptet "Solenga". Leilighetsbygg i sentrum med etasjebutikker.
Øverst: Ulike soner i fellesareal på bakkeplan.
Nedest: Flytande overgangar mellom fellesareal inne og ute på bakkeplan. Fasader inspirert av tradisjonell byggeskikk i Hallingdal. Med balkongar for bebuarane også separate, private soner.



Konseptskisse 2: Reveskogen

Konseptskisse til plasseffektive, mindre bustader som kan passe i grendene, spreidte bustadområde eller meir naturnært i alle kommuner i Hallingdal. Konseptet har ein stor grad av berekraft, modultilpassing og appellerer til dei som har ein «småbruks-draum».

Det er lagt opp til fellesskapsfunksjonar i form av delte uteområder, dele-syklar og delt verkstad/stove. Einingane varierer i storleik frå mikro til large, frå 25 kvm til 90 kvm.

For konseptet Reveskogen utvikla vi ei eiga nettside: [Reveskogen bufellesskap i Ål](#) og eit nyheitsbrev som ein kunne abonnere på for å halde seg oppdatert om framdrift.

Nyheitsbrevet har i dag over 50 abonnementar og vi er i dialog med seks husstandar som har meldt interesse for å følgje den vidare utviklinga med tanke på mogleg framtidig kjøp. Det blir også arbeidd med avklaring rundt ideell tomt/beliggenheit og kva rolle kommunen og/eller private utbyggjarar skal ta i utvikling og gjennomføring.



Hallingdalskommunenes bustadpolitiske arbeid og moglegheitsrommet for samarbeid. Kartlegginga vart utført av Asplan Viak ved Tina Lund og Erik Plathe i perioden oktober

I oktober 2024 gjennomførte vi i samarbeid med KINICO Arkitektar ein workshop med nokre av interessentane for bukonseptet. Funn frå workshopen, som kan sjåast som ein tidleg marknadsdialog, kan du lese her: [Reveskogen Workshop_Sammendrag og veien videre_KINICO.pdf](#)

4.2.4.3 Kartlegging av Hallingdalskommunene sitt bustadpolitiske arbeid og moglegheitsrommet for regionalt samarbeid

I prosjektet har vi også gjennomført ei grundig kartlegging av

2024- februar 2025, og resultat av arbeidet vart lagt fram på ein regional bustadkonferanse for kommunene, næringsliv og andre på Gol i mars 2025.

Formålet med kartlegginga var å undersøke korleis kommunene i Hallingdal i dag handterer bustadtematikken kvar for seg - og samla, og kva moglegheitsrom dei såg for seg for framtidig samarbeid på tvers av kommunene. Metodisk vart kartlegginga gjennomført som ei blanding av dokumentanalyse, semistrukturerte intervju med leiargrupsene i kommunene, drøftingswebinar med administrativ og politisk leiing, webinar med næringslivet og på ein fysisk workshop med alle aktørane, på bustadkonferansen 14.3.2025.

Resultatet av kartlegginga er presentert i sluttrapporten «Samarbeid om boligutvikling i Hallingdal. Hallingdalskommunenes boligpolitiske rolle og mulighetsrommet for samarbeid om regional boligutvikling». Sjå vedlegg 3.

Kartlegginga peikar på at det finst felles bustadutfordringar for kommunene i Hallingdal:

- Det er generelt høge bustadprisar for nybygging i forhold til kva ein får for eldre bustader og kva markedet aksepterer/klarar.
- Det er generelt ein mangel på rimelege og mindre bustader sentralt/ i sentrumsområda.
- Det er eit behov for varierte, fleksible bustadløysingar for både unge og eldre.
- Press på leigemarknaden utfordrar blant annet rekruttering til tenesteområda.

Markedet aleine klarer ikkje å løyse behovet for bustader og ulike bustadtyper i Hallingdal, og det er viktig at kommunene i Hallingdal avklarer sitt engasjement i bustadpolitikken og at ein vurderer korleis ein kan utvikle «eit heilheitsansvar» for bustad i organisasjonane.

Kommunene i Hallingdal framhevar imidlertid i liten grad regionale løysingar på bustadutfordringar. Dei ser først og fremst eit behov for å løyse bustadpolitikken på eit kommunalt nivå, fordi:

- Bustad har eit konkurranseelement for å sikre vekst og utvikling i den enkelte kommune
- Bustadmarknadene er ulike i Hallingdalskommunene
- Ansvaret for bustadutvikling er delt over mange sektorer i kommunen, og over ulike sosiale behov

Arbeidet med kartlegginga av bustadarbeidet i kommunene har gjeve resultat på fleire frontar. Kommunedirektørane har meldt om at prosessen i seg sjølv, der det m.a. vart gjennomført gruppeintervju med leiargrupsene i kvar kommune, har bidrige til nye innsikter om utfordringsbiletet og drøftingar/ refleksjonar internt, om korleis dei kan organisere seg på bustadfeltet for å møte framtidige behov og ambisjonar. Hemsedal kommune har t.d. byrja å sjå på ei meir tverrfagleg organisering av bustad.



I Ål kommune er funn frå kartlegginga presentert for Sektorutval for teknisk, næring og ressurs og vi har i juni 2025 fått politisk gjennomslag om å utarbeide eit handlingsprogram for bustadutvikling som skal følge budsjettplan 2026-2028. Med denne håpar vi å kunne tiltaksfeste og strategifeste viktige grep som rapporten anbefalar, samt å legge inn vidare utvikling av Reveskogen og Solenga.

Utgreiingsoppdraget til Asplan Viak omfatta ikkje å gi anbefalingar til korleis kommunene skulle løyse det bustadpolitiske, men skulle løfte opp moment for vidare drøfting i og mellom kommunene. Rapporten kjem med forslag til følgande grep:

- Vidareutvikle samarbeid med utbyggjarar
- Utleigebustader for vekst og rekruttering
- Bruke statlege ordningar som startlån aktivt
- Aktiv kommunal tomtepolitikk i sentrumsområdene for å møte bustadbehova framover
- Drøfte korleis kommunene i Hallingdal kan samarbeide om kunnskapsutvikling og deling om bustad

4.2.4.4 Igangsetting pilotprosjekt – «Boligguiden Hallingdal»

For å kunne fortsette å følge opp og styrke innsatsen i arbeidet vi har beskrive over, søkte vi også i 2024 Husbanken/ Distriktsentret om tilskot til bustadtiltak i distrikta. Vi fekk då tilslagn på å gjere eit forprosjekt på (pilotere) eit regionalt bu-pilotkontor og midlar for å tilsette ein prosjektkressurs til dette.

For å oppnå reell og brei regional forankring, som vi har sett at var vanskeleg så lenge prosjektet låg plassert i ei kommune, valte vi å etablere samarbeid med Hallingdal Næringshage om bupiloten. Næringshagen er no prosjekteigar og har tilsett ein prosjektleiarressurs – prosjektet har også fått tittel «Boligguiden Hallingdal». Finansiering er delvis ved tilskot til bustadtiltak i distrikt og delvis ved midlar frå næringslivet, inkludert fleire lokale utbyggjarar og Skue sparebank.

Målet med forprosjektet/ piloten er å kartlegge kva som kan ligge til ein mogleg regional kompetansefunksjon på bustad, og å komme opp med moglege drifts- og finansieringsmodellar for denne, i samarbeid med kommunene og andre aktørar i Hallingdal.

Det vi foreløpig har funne ut, er at i eit heilsakeleg bu- og blilystperspektiv er det viktig at «Boligguiden Hallingdal» ikkje avgrensar seg til å kun handle om bustad, men også implementerer andre faktorar som trivsel og tilhørsel og attraksjonskraft.

Boligguiden er i seg sjølv eit resultat av dette prosjektet, og etter vårt syn; eit eksempel på at vi er på veg til å lukkast med vår målsetjing om «å gjennom et solid samarbeid mellom offentlige/private aktører har evnet å finne løsninger for bærekraftig og



behovsbasert boligutvikling for å møte demografiutfordringene og å styrke lokalsamfunnene.»

Det er imidlertid for tidleg å si noko om resultatet av piloten, då den så vidt er starta opp. Det blir spanande å sjå korleis kommunene, Næringshagen og Regionrådet saman utviklar prosjektet når regionalt bulystprogram i Hallingdal i juni 2025 blir avslutta.

4.2.5 Prosess og arbeidsmetodikk

I dette prosjektet har vi hatt ei meir open og prosessbasert tilnærming enn det som ofte er vanleg i bustadprosjekt. Vi har i størst mogleg grad tatt utgangspunkt i utfordringane og jobba oss framover basert på dei, heller enn å forsøke å oppnå førehandsdefinerte løysingar.

Vi har hatt stor nytte av å jobbe med kompetansemiljø på design og arkitektur og har forsøkt å tilegne oss kompetanse på designmetodikk og denne måten å jobbe på, for vidare bruk i andre prosjekt.

Det ser vi at har gitt effekt; i 2025 fekk Ål kommune som ein av fem norske kommuner tilsegn om å bli med i GNIST Innovasjon, eit nyskapande og innovativt program for berekraftig lokalsamfunnsutvikling i regi av DOGA og Nordic Edge. Kommuner som tidlegare har hatt GNIST-status har ofte opplevd at det har hatt ein stor verdi for bustad- og bul- og blilystarbeid.

Det vi har utforska i aller størst grad er tidleg og brei medverknad (bl.a. i konseptutvikling og innsiktsarbeid), og stor grad av dialog. Resultatet av dette er meir behovsbaserte, meir nyskapande og betre funderte løysingar og løysingsforslag.

I Ål har den dialogbaserte tilnærminga, arbeidsmåten med ei rekke opne møter og arrangement og prosessen med dette prosjektet bidrege til at lokale byggeaktørar trekker fram Ål kommune som ein aktiv og engasjert støttespelar i bustadutvikling, som dei ser som ein naturleg samarbeidspartner og sparringspartner også i tidleg fase av prosjekt.





Workshops:

Som nevnt har vi hatt fleire møter med aldersgruppa 60+ for å formidle funn frå bustadkartlegginga. På desse møta har vi også satt søkelys på framtidas bustader og sosiale buformer. Vi har lagt opp til arbeidsverkstad der dei eldre sjølv har fått kome med innspel til korleis dei kan tenke seg å bu i framtida. Metoden var å lage bøker med bilet og korte tekstar som beskriv deira ideelle bustad. Verkstaden vart fasilitert med bistand frå KINICO Arkitektar og er oppsummert i konseptskissene for «Solenga». Lokale utbyggjarar var også inviterte til å delta og innspel vart m.a. implementert i Ål sentrumspark.

Kjøp av ekstern kompetanse

I anskaffinga av oppdraget med å kartlegge Hallingdalskommunene sin bustadpolitikk fekk vi nytig erfaring med innovativ anskaffing, mellom anna gjennom marknadsdialog med aktørar i fagmiljøet i forkant av konkurransen. Det å gå nokre ekstra rundar med anskaffinga, inkludert å ta seg tid til dialog og inkludere innspel i den endelige utlysinga, bidrog til at vi fekk svært gode tilbod og gjennom valt leverandør (Asplan Viak) fekk eit sluttresultat av høg kvalitet, som vi opplever at har stor nytteverdi. Distriktsentret var her til stor hjelp med rådgjeving og sparring, både i forkant av og under evalueringa av tilboda.

4.2.6 Erfaringar og læring

Prosjektet har gitt Hallingdal, og spesielt Ål kommune som prosjektansvarleg, eit stort løft i bustadarbeidet og har (så langt) bidrege til:

- Auka kunnskap om/ kompetanse på bustadutvikling, inkludert heilheitleg virkemiddelbruk, dialogbasert bustadutvikling og bustadfeltet si rolle i samfunnsplan.
- Etablert eit felles kunnskapsgrunnlag om kommunene i regionen sitt bustadpolitiske arbeid og eventuelt moglegheitsrom for samarbeid.
- Oppdatert innsikt i bustadbehov og -preferansar hjå ulike innbyggargrupper. Det gir eit solid grunnlag for å utvikle målretta og meir behovsbaserte tiltak i framtida.
- Styrka samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Det legg til rette for meir effektiv og koordinert innsats i bustadutviklinga.
- Utviklinga av nye bustadkonsept, inkludert sosiale buformer, viser potensialet for innovative løysingar som kan bidra til å skape attraktive og berekraftige bumingjø i Hallingdal, som har eit stort potensiale for å rekruttere og behalde innbyggjarar.
- Aukt communal kompetanse på konseptutviklings-, kartleggings- og anbodsprosessar, noko som er viktig for framtidige bustadprosjekt og for å kunne utvikle og implementere nye bustadkonsept i regionen.
- Brei omtale i media og aktiv deling av kunnskap og erfaringar har bidrege til å vekke engasjement og interesse for bustadtematikken i kommunen og regionen.
- Vi tykkjer særleg det er stas at andre distriktskommuner og fylker tek kontakt for å hauste erfaringar og lære av Ål/Hallingdal, og deler gjerne av våre erfaringar så langt.

Suksessfaktorar

Vi trur at det å jobbe prosessbasert med ei open tilnærming til at det kan kome fram løysingar undervegs i prosessane, er ein av suksessfaktorane for prosjektet og dei resultata vi har oppnådd. Når ein jobbar ut frå eit *utfordringsbilete* i staden for eit løysingsperspektiv, er ein moglegens meir open for innspel og medverknad undervegs som kan frambringe nye perspektiv og ukjente løysingar. Vi trur at denne måten å jobbe på også har bidrege til å opne opp for det potensialet som ligg i innbyggjarane og aktørane i lokalsamfunnet sjølv, ved at vi har engasjert, informert og iverksatt innspel som har kome frå dei og for dei.

Fallgruver

Den store utfordringa i prosjektet har vore å sikre påkobling og engasjement frå dei andre kommunene i Hallingdal som ikkje har bidrege like hands on og aktivt i arbeidet som det Ål kommune har hatt moglegheit og kapasitet til å gjere. Til tross for at prosjektet er ein del av det regionale programmet for bulyst ikkje dei andre kommunene vore spesielt delaktige før i sluttfasen, då dei gjennom kartlegginga av bustadarbeidet i kvar kommune vart involvert (først gjennom intervju av leiargruppene og deretter gjennom workshop i



mars der funn vart drøfta). Då vi arrangerte regional bustadkonferanse på Gol 14.3.2025 var det gledeleg å sjå at samtlege kommuner var godt representerte og aktivt engasjerte seg i drøftingane av kartlegginga.

Vi ser at vi skulle lagt meir vekt på og tid til å sikre forankring i den tidlege fasen. Når det er sagt har også klimaet for regionale prosjekt og samarbeid i Hallingdal vore krevjande i program/prosjektperioden. Det er store (aukande) skilnader på kommunene sine økonomiske og ressursmessige føresetnader til å delta i utviklingsarbeid som går ut over det lovpålagte (og/eller i eigen kommune).

4.2.7 Måloppnåing

I søknaden om tilskot til bustadtiltak i distrikt 2023 skreiv vi at resultata vi såg for oss å oppnå i dette prosjekt, til dømes kunne vere:

- 1) *At det i Hallingdal vert etablerer ein bustadorganisasjon, eit boligbyggelag eller eit IKS som jobbar med bustadbygging, f.eks av prøvebustader for tilflyttarar, på tvers av kommunene.*
- 2) *Eit anna alternativ er at sluttproduktet blir ein kompetanse- og rådgjevingsfunksjon som t.d. kan vere prosjektlos og/eller kurse enkeltpersonar, brukargrupper, utbyggjarar og byggfellesskap i utbyggingsprosessar.*
- 3) *Ein tredje moglegheit er at sluttproduktet blir oppretting av eit regionalt fond eller annan finansielt instrument som kan gje garantiar for byggelån eller tilbakekjøpsgarantiar.*
- 4) *Alternativt (eller i tillegg) kan prosjektet revitalisere arbeidet Hallingdalskommunene allereie har gjort på Lys i alle glas (ca 2014), men denne gong som regionalt prosjekt, og med større medverknad i lokalsamfunnet.*

Vi er i dag nærmast resultat i alternativ 2, ein kompetanse- eller rådgjevingsfunksjon, i form av pilotprosjektet «Boligguiden». Vi har ikkje har kome så langt som å realisere dei andre foreslalte alternativa, men føresetnadene for å få til gode, realistiske drøftingar på regionalt og/eller kommunalt nivå om desse moglege grepa, er etter endt prosjekt mykje betre enn dei var før vi starta.

Den viktigaste erkjenninga vi har fått av delprosjektet om bustadutvikling er at kommunane i Hallingdal først og fremst handterer bustadpolitikken lokalt i eigen kommune. Ut over avgrensa deltaking i regionale fora som det regionale bulystprogrammet /dette delprosjekt og/eller deltaking i det offentleg-private bustadnettverket, ser tilsynelatande ikkje kommunane for seg eit moglegheitsrom for regionalt samarbeid.



4.2.8 Anbefalingar

Anbefalingar om kva den enkelte kommune i Hallingdal kan gjere for å styrke bustadutviklinga:

- Vidareutvikle samarbeid med utbyggjarar
- Utlegebustader for vekst og rekruttering
- Bruke statlege ordningar som startlån aktivt
- Aktiv kommunal tomtepoltikk i sentrumsområda for å møte bustadbehov framover
- Drøfte korleis kommunane i Hallingdal kan samarbeide om kunnskapsutvikling og deling om bustad

Anbefalingar om kva Regionrådet i Hallingdal i samarbeid med bulystforum kan gjere for å bidra til ein berekraftig og behovsbasert bustadutvikling i regionen:

- Framskaffe, oppdatere og formidle kunnskap om behov, marknad, utviklingstendensar osb.
- Vidareutvikle arenaer for deling og kunnskapsutvikling på tvers i regionen og mellom ulike aktørar
- Fremme innovative metodar for tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid for å styrke bustadsatsingar

4.3 Trivsel og tilhørsel

I delprosjektet trivsel og tilhørsel har me hatt som mål å innhente kunnskap om kva som gjer at innbyggjarar trivst og kjenner tilhørsel til Hallingdal, konkretisere tiltak for auka trivsel og tilhørsel, samt setje i verk strategiar og få bulyst-arbeidet inn i drift i kommuneadministrasjonane. Regionen ser at arbeidet med å auke innbyggjarane si trivsel i Hallingdal og tilhørsel til Hallingdal er grunnleggjande for at både noverande og framtidige innbyggjarar skal ønskje å bu og bli verande i Hallingdal – samt for å styrke regionen si attraktivitetskraft.

Mange distriktsområde, inkludert Hallingdal, slit med fråflytting, særleg blant unge menneske. Å skape lokalsamfunn der innbyggjarane trivst, kjenner seg inkluderte og har ei kjensle av tilhørsel, kan bidra til å både halde på og tiltrekke seg innbyggjarar. Dette er avgjerande for berekrafta i distrikta og regionen – særleg den sosiale berekrafta.

4.3.1 Organisering

Prosjektet har vore leia av folkehelserådgjevarane Magnhild Medgard Skår frå Nesbyen kommune i første prosjekt år, og Heidi Storeskar frå Hemsedal kommune/Hallinghelse i andre prosjekt år. I tillegg har Hege Malene Ulstein frå Ål kommune og Gunn Randi Myro frå Nesbyen kommune deltatt i arbeidsgruppa. Me har forsøkt å inkludere alle seks



kommunane, men grunna kapasitet har me halde arbeidsgruppa liten og me ikkje etablert noko samarbeid utover dette til de ulike delprosjekta.

Fordelar og ulemper ved organiseringa: Fordelane med ei lita organisering er at det har vore enkelt å møtast, lett å fordele arbeidsoppgåver og følgje opp desse. I tillegg kjente prosjektgruppa kvarandre godt frå før, noko som gjorde samarbeidet enklare. Ulempa med denne organiseringa er at ikkje alle kommunane har vore tett kopla på arbeidet. Det har ført til at enkelte kommunar ikkje har fått like stort utbytte av arbeidet og læringa som har kome undervegs.

4.3.2 Samarbeid og medverknad

I forprosjektet nyttja vi ei ressursgruppe som kom med innspel til arbeidet, særleg knytt til fokusgruppeintervjua som vi gjennomførte i mai 2024 (sjå kap. 4.2.4).

Ressursgruppa gav viktige innspel og tilbakemeldingar til arbeidsgruppa.

Medverknaden me fekk gjennom fokusgruppeintervjua der me aktivt høyрte innbyggjarane i Hallingdal var også viktig for vidare prioriteringar av aktivitetar og tiltak. Rapporten frå fokusgruppeintervjua kan ein lese på www.bolysthallingdal.no.

I tillegg har det vore godt samarbeid med dei andre delprosjekta og programleiargruppa gjennom heile programmet. Dette har bidrege til at vi til ein kvar tid har fått innspel utanfrå som har bidrege til kontinuitet.

4.3.3 Forankring

Vi har nyttja styringsgruppa, som i stor grad også har vore kontaktpersonane (KRU) til kommunane inn mot prosjektet, for å forankre tiltaka og få dei pilottesta. Dette har ført til at alle kommunane såg det som føremålstenleg å opprette bulyst-grupper som kunne ta ansvar for å arbeide med bulyst i kvar kommune. Før programmet vart etablert, hadde ikkje alle kommunane slike grupper eller dedikerte personar som arbeidde med dette. Dette er ein positiv effekt av dette delprosjektet.

4.3.4 Aktivitetar


Delprosjektet trivsel og tilhørsel har arbeidd med å pilotteste ulike tiltak som skal auke trivselen og kjensla av tilhørsel hjå innbyggjarane i Hallingdal. Tiltaka har blitt pilottesta gjennom det siste året av programperioden, og alle kommunane har valt å pilotere alle tiltaka.



4.3.4.1 Trivselsstrategi

Gjennom grundig innsamling av tidlegare forsking og kunnskap, samt eigen kartlegging, var det fleire anbefalingar for trivsel som vi har valt å oppsummera i ein Trivselsstrategi. Oppsummert kan ein si at initiativ og ansvar må kome frå fleire hald, og alle kan spele ei viktig rolle for innbyggjarane trivsel og tilhørsel. Ved å synleggjere dette i ein visuell framstilling (plakat og roll-up's) med ei tydeleg oppmoding til oss alle var målet å minne alle på si rolle og sitt ansvar.

Trivselstrategien er like aktuell for eldre som unge, på arbeidsplassen og elles i samfunnet og blir hengt opp og spreidd i alle kommunane, på offentlege rom og blant næringsliv i Hallingdal. Plakaten ble også trykt på heilsides annonser i lokalavisa Hallingdølen og sommarmagasinet Gløtt for å spreie bodskapen.



4.3.4.2 Hallinghygge

Regionalt program for bu- og blilyst tok initiativ til å opprette «Hallinghygge». Dette er sosiale møteplassar for innbyggjarar i Hallingdal som skal vere inviterande for alle å delta på, der ein møtest på tvers av etablerte vennegjengar med ønske om å treffen nye vener. Det kom tydeleg fram i fokusgruppe-intervjuet om å opprette sosiale møteplassar er viktige, spesielt for nye innbyggjarar og for unge vaksne, som er ei viktig målgruppe for tiltaket.

Alle kommunane i Hallingdal valte å delta og bidra med å skape møteplassane. Kommunane fekk 10.000 kroner i tilskot frå programmet for å opprette og gjennomføre «[Hallinghygge](#)». Gjennom våren 2025 er tiltaket pilotert og alle kommunane har arrangert minimum to lokale Hallinghygge-arrangement. I nokre kommunar er det bulystgruppa som står som arrangør, andre har sett bort tiltaket til private aktørar. Det har blitt gjennomført blant annet pizzakveld, tacobuffét, quiz, brettspillkveld, fredagspils, kveldstur med bål og bollar, bildeframvising med fotograf og boccia med grilling.

4.3.4.3 Transportstøtte

Transport er viktig for heile samfunnet, spesielt for ungdom, unge vaksne og eldre. Lokalt kollektivtilbod er svært viktig å jobbe for å oppretthalde slik at dei som ikkje har moglegheit til å reise med egen bil også har moglegheit til å komme seg rundt i lokalsamfunnet og mellom kommunar. Transport til og frå lokale arrangement kan vera eit viktig tiltak for at fleire kan få moglegheit til å delta på det som skjer i regionen. Dette tiltaket blei iverksett som eit svar på eit behov som vart kartlagt under fokusgruppeintervjuet i mai 2024. Her kom det også fram at folk er villige til å betale for å



kome seg heim frå arrangement, og ynskjer dette tilbodet for å få moglegheit til å delta på meir av det som skjer i Hallingdal.



Programmet valde å setje av midlar til å gi transportstøtte til lokale arrangement dersom dei sette opp bussar til og/eller heim frå arrangementet. Tiltaket vart annonsert på heimesidene og i sosiale medium til alle kommunane, samt i lokalavisa. På den måten fekk me testa ut om det kan ha effekt og om det kan vera berekraftig for arrangement å

drifte sjølv ved seinare høve. Me fekk 5 søknadar og innvilga alle. Det deltok samla meir enn 2168 personar på arrangementa og om lag 305 personar nytta tilbodet om transport til og frå arrangementet. Evalueringa viste til at dei fleste unge som nytta transporten ikkje hadde delteke utan dette tilbodet. Transporten vart nytta til og frå alle kommunane i Hallingdal.

«Tilbodet opner opp for ei inkludering på tvers av kommunene. Det har dukka opp folk frå dei andre kommunene før, men om ein ikkje har lappen, manglar plass å overnatte eller er avhengig av kollektiv transport - så har ein eit tilbod i dette.»

4.3.4.4 Velkomstmøte

Regionalt program for bu- og blilyst oppmoda alle kommunane i Hallingdal til å arrangere eit velkomstmøte for nye innbyggjarar i løpet av fyrste halvår 2025. Dei kommunane som allereie var i gang, fekk og moglegheit til å vidareutvikle konseptet sitt og med same tilskot. Det er eit mål at piloten

fører til at kommunane

gjennomfører dette

regelmessig etter prosjektslutt.

Kvar kommune fekk 5000

kroner i tilskot, for å dekke

kostnadane med eit

velkomstmøte og eventuelt

materiell som velkomstbrev

eller velkomstmappe med

nyttig informasjon og

eventuelle gåver frå lag og

foreiningar og næringslivet.



Kommunane har gjennomført velkomstmøta ulikt etter vurdering av eigen lokal kontekst. Erfaringane og dei ulike modellane for gjennomføring delast i det regionale bulystforumet med dei andre kommunane for vidare læring og utvikling av tiltaket.

4.3.4.5 Ordførarbesøk

Alle ordførarane i Hallingdal vart oppmoda til å besøkje avgangselevane på ungdomsskulen for å skape positivitet, optimisme og framtidstru knytt til det å bu og leve i eigen kommune i framtida. Erfaring frå Ål kommune og tidlegare prosjekt, samt kunnskapsoppsummeringa, har vist at det er viktig å formidle at kvar einskild ungdom er betydingsfull, at det finnes moglegheiter for å bu, jobbe og leva i Hallingdal og at det er eit ynskje å behalde så mange som mogleg her for framtida – både som arbeidstakar og innbyggjar. Dette kan det gje effekt for positiv framtidstru og auka tilhørsel, som også kan bidra til auka trivsel. Det er ei anbefaling å målretta arbeide med tilhørsel frå tidleg alder av, allereie ved å skape lokal tilknyting og bruke lokal historie aktivt i frå barnehagealder.

4.3.5 Læring, erfaring og funn

Delprosjektet trivsel og tilhørsel har så langt fått nyttig kunnskap og oppnådd fleire resultat som er viktig for vidare arbeid med å få folk til å trivast og bli værande i regionen. Gjennom auka kompetanse, samt utvikling og utprøving av nye tiltak, har prosjektet lagt eit godt grunnlag for å styrke bu- og blilyst i Hallingdal, som kommunane kan vidareføre.

Vi har lært og erfart følgjande:

Trivselsstrategi: Kva resultat trivselsstrategien gjev, er umogleg å måle på noverande tidspunkt. Programmet meina likevel at ho kan bidra til ei bevisstgjering om at alle har ei rolle i å få innbyggjarane til å trivast. Ved å sjå plakaten rundt i lokalmiljøet blir ein minna om viktigheita av at alle kan gjere noko.

Hallinghygge: Hallinghygge er gjennomført i alle kommunane i Hallingdal våren 2025. Totalt har 386 deltakarar vore med på 11 ulike arrangement, og det har vore frå 7 til 80 deltakarar på kvart treff. Midlar frå programmet er nytta til gratis servering til deltakarane, lønskostnader til samarbeidspartnerar, innkjøp av premiar, leige av lokale, marknadsføring på sosiale medium, fredagspils, spelkveld, quiz/kahoot, skogstur og foredrag.

Mange av kommunane har valt å samarbeide med etablerte møteplassar for å gjennomføre arrangementa og nokre oppgjer at dette er viktig for å oppretthalde tilbodet.



«Det opplevast som litt vanskeleg å få med frivillige til å arrangere Hallinghygge. Kommunen si arbeidsgruppe kan bidra i ein startfase, men desse arrangementa bør på sikt overtakast av andre».

Dei aller fleste kommunane ønskjer å halde fram med konseptet, berre éin kommune var usikker, men kunne tenkje seg å ha tilbodet dersom lokale eldsjeler kan ta ansvar for konseptet.

«Vi har allereie etablerte møteplassar... kommunen ønskjer ikkje å konkurrere med desse, men vere ein samarbeidspartnar og fremje dei. Viss dei vil arrangere noko under fana Hallinghygge, kan dei gjerne det, men vi har ikkje sett noko behov for å etablere eit nytt, kommunalt tilbod som kjem i tillegg til dei etablerte frivillige tilboda, då alle arrangørane allereie i dag melder om at det er så mykje som skjer at ein opplever konkurransen med kvarandre uansett. Viss vi skal arrangere Hallinghygge, må det difor vere fordi innbyggjarar/frivilligheita ønskjer å gjere det og ber oss om å støtte opp.»

Felles annonse i lokalavisa trekkast fram som ein positiv ting, som det er ynskjeleg å fortsette med. Fleire deltakarar har vore med på treff i fleire kommunar, noko som òg var ein del av intensjonen med å gje møteplassen namnet «Hallinghygge».

«Vi har på grunn av tid og kapasitet hjå Bulyst/arrangørane ikkje laga så mykje ekstra opplegg/aktivitet på våre treff, og har fått tilbakemelding frå nokre deltakarar som òg hadde delteke på Hallinghygge Gol og Hol om at det vart sakna, fordi det var det dei forventa etter å ha vore med der.»

Transportstøtte: *Vi hadde eit håp om at fleire lokale arrangørar kom til å søkje om tilskot. Vi måtte arbeide ein del med marknadsføringa for å få arrangørane til å sende inn søknad. Alle som søkte, fekk innvilga støtte.*

«Det er ingen tvil om at dersom vi ikke hadde hatt tilbud om gratis transport så hadde ikke dette blitt et reelt tilbud for hele Hallingdal. Det var flere som svarte i evalueringen at de ikke hadde deltatt dersom det ikke var transport til arrangementet. Dette var en flott måte å gi et tilbud til alle elever på ungdomsskole og vgs i Hallingdal.»

Det var positive tilbakemelding frå arrangørane. Dei meiner at fleire deltok på arrangementa fordi det var sett opp transport til og/eller heim att. Dette bidreg til inkludering og gir fleire moglegheit til å delta på det som skjer rundt i regionen. Fleire arrangørar gav tilbakemelding om at dei ønskjer å setje opp transport til sine arrangement seinare.

Velkomstmøte: Halvparten av kommunane hadde gjennomført velkomstmøte før dette programmet starta med piloten. Fleire gjorde endringar på opplegg, lokalisasjon og innhald, servering av mat, tilbod og gåver. Alle kommunane ser dette tiltaket som svært positivt og ynskjer å vidareføre tiltaket i kommunal drift.



«Godt arrangement, og flott at det regionale bo- og blilystprogrammet kan backe kommunene i arbeidet. Dette gir også en ekstra tyngde i arbeidet med å "selge konseptet til både lederteam, folkevalgte, mm.»

Å tilpasse for lokale høve kan gje best mogleg effekt. Nokon kommunar har planar om to velkomstmøter i året og andre eitt, det påverkast av bl.a. tilflyttarstraum og sesongvariasjonar.

«Det hadde vore fint med eit "erfaringsmøte" kommunane imellom slik at me kan lære av kvarandre, og gje kvarandre tips. Det hadde også vore tøft om me kunne utfordra større regionale aktørar som Langedrag, Bjørneparken, Ål kulturhus til å bidra i velkomstpakka slik som eg opplever Buskerudmusea gjorde.»

Samla nådde ein rund 135 innbyggjarar i Hallingdal. Marknadsføringa var svært variert og ulik i mellom kommunane. Nokon valte å sende brev i posten med invitasjon og eller e-post, andre spreidde informasjonen på ulike sosiale media, kommunane sine sider, lag og organisasjonar sine sider, plakatar og liknande. Gol kommune har funne ei løysing på å hente ut adresser til nye innbyggjarar og kan dele av sine erfaringar, da det er kome fleire tilbakemeldingar på dette.

«Felles løsning for å ta ut lister på ny-tilflyttere hadde vert bra. (pga kostnader knyttet til dette).»

Erfaringar til gjennomføringane var at det er nyttig å samarbeide med fleire, og at det kan moglegvis trekke fleire til velkomstmøte med brei oppslutning av medarrangør som presentera sine ulike aktivitetar og tilbod som finnes i kommunen, samt andre moglegheiter i regionen.

Ordførarbesøk: Tilbakemeldingar viser til at 10.trinn er ei viktig gruppe å nå, og modne for refleksjonar på sin heimplass og framtidstankar. Ein bør ha førebudd klassa på besøket og gjerne med tematikk eller spørsmål som kva dei verdset, trives best med på sin heimplass, kva dei saknar, kva dei kan bidra med sjølve no og i framtida. Andre tilbakemeldingar er utfordringar til å få tid eller innpass i oppvekst/skule til eit Ordførarbesøk.

I tillegg til erfaringane frå dei enkelte tiltaka, har det kome andre positive effektar ut av arbeidet med trivsel og tilhørsel. Ei av dei viktigaste effektane er at alle kommunane no har oppretta ei lokal bulystgruppe, eller har personar som arbeider lokalt med bulyst. Dette har skjedd fordi vi har vore avhengige av å ha kontaktpersonar i kvar kommune som har teke imot informasjon og arbeidd med å pilotere tiltaka som programmet har sett i gang. Dette er ei stor styrke samanlikna med tidlegare, og det gjer at deltakinga i det etablerte regionale bulystforumet kan få større tyding i framtida.

Det har vore utfordrande å få alle kommunane til å arbeide aktivt i programmet, og vi har erkjent at dette er noko vi ikkje fullt ut kan påverke. Det handlar om



ressursbruk/ressurssituasjon i den enkelte kommune, samt vilje og ønskje om å prioritere arbeid med bulyst.

5.3.6 Anbefalingar

Anbefalingar om kva ulike aktørar i Hallingdal kan gjere for å styrke trivsel og tilhørsel blant innbyggjarane:

- *Kommunen* kan sende velkomstbrev og arrangere velkomstmøte til nye innbyggjarar og andre sosiale treff, samt gje god informasjon om aktivitetar og tilbod.
- *Arbeidsgivar* kan ta godt vare på sine tilsette, sjå heile 24 timars menneske og tilby eit godt arbeidsmiljø. Vidare kan arbeidsgivar bidra til å skaffe bustad, bidra til å finne informasjon om fritidsinteresser og generelt dele informasjon om Hallingdal.
- *Samarbeid mellom offentleg og privat sektor* for on-boarding og ivaretaking av arbeidstakrar og innbyggjarar.
- *Arrangørar* kan inkludere ungdom slik at Hallingdal er attraktivt for dei, ynskje medverknad frå befolkninga, lag og organisasjonar. Tilby transportløysingar til og frå arrangement og sørge for at møteplassane er inkluderande.
- *Ungdommen* er vår viktigaste ressurs for framtida, trivest dei er det auke sjanse for at dei blir verande eller kjem attende. Ved å lytte, involvere og ta ungdommen på alvor kan me lære og sørge for medverking.



5 Fem anbefalingar om bu- og blilyst vidare i Hallingdal

1. Ta i bruk kunnskapen fra bulystprogrammet

- Kommunane og regionen må bruke innsikten fra programmet og delprosjekta aktivt i planverk og utviklingsstrategiar.

2. Forankre og styrke bu- og blilystarbeidet

- Etablere eller videreføre lokale bulystgrupper og sikre deltaking i regionalt bulystforum frå alle kommunane.
- Integrere bu- og blilyst i kommuneplanar.
- Samarbeide tett med næringsliv og utdanningsinstitusjonar.

3. Tilrettelegge for tilflytting, trivsel og inkludering

- Etablere felles tilflyttarteneste og utvide ”Boligguiden” til å inkludere trivsel, tilhørsel og attraksjonskraft.
- Tilby bustadformidling, informasjon og nettverk for nye innbyggjarar.
- Etablere trivselstiltak i kommunal drift og i samarbeid med frivilligheit og næringsliv om tiltak for nye innbyggjarar, ungdom og unge vaksne.
- Styrke kollektivilbod og transport til arrangementer.

4. Samordne og utvikle bustadpolitikken

- Klargjere ansvar og forankre bustadpolitikk i kommunalt planverk.
- Legge til rette for kunnskapsdeling gjennom møter, seminar og konferansar med kommunar, bankar, verkemiddelapparat og næringsliv.
- Løfte bustad som tema i relevante fora som næringsforum, bulystforum og planforum.

5. Bygge merkevara Hallingdal som ein attraktiv bu- og arbeidsregion

- Samordne kommunikasjon og rekruttering via felles kanalar som www.hallingdal.no
- Delta på messer som Emigration Expo og gjenoppta tidlegare tiltak som Hallingtreff.
- Sikre midlar til langsiktig regional markedsføring.
- Samarbeide med både HR i offentlig og i privat sektor om onboarding og trainee-ordningar.



Anbefalingane på førre side er i stor grad i tråd med, og overlappande med måla i Regional plan for Hallingdal 2025–2028 – handlingsplan for bu- og blilyst kapittel 5, noko som kjem fram i tabellen under:

Mål	Anbefalt ansvar	Anbefaling frå bulyst
Mål 5.1: Det er etablert samarbeid mellom offentlege og private aktørar om bustadutvikling i alle kommunar, og utarbeidd strategiar for styrka regionalt samarbeid på bustadfeltet.		
5.1.1 Vurdere modellar for å gjera det lettare å koma inn på bustadmarknaden 2025	Ansvar: Kommunane Samarbeidspartnarar: Regionråd Næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> - Dele kunnskap og erfaring på tvers av kommunane om prøving av ulike finansieringsmodellar - Greie ut korleis kommunane enkeltvis og samla kan nytte startlån som distriktpolitisk verkemiddel - Vurdere tilskotsordningar til utvalde målgrupper - Greie ut moglege samarbeidsløysingar med bankar og stiftingar
5.1.2 Pilotere eit «opplysningskontor for bustad» i Hallingdal 2025	Ansvar: Kommunane i fellesskap Samarbeidspartnarar: Hallingdal Næringshage Næringsliv Husbanken Distriktscenteret Buskerud fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunane kan spele ei sentral rolle for å gjere pilotprosjektet «Boligguiden» til ein berekraftig og varig funksjon i regionen, som varetak alle aspekt ved bu- og blilyst - Vidareutvikling av Boligguiden må forankrast i kommunane enkeltvis og regionen samla, gis eit mandat og få dedikerte ressursar
5.1.3 Kartlegge kommunen sitt bustadpolitiske arbeid og moglegheitsrom for samarbeid, styrker og svakheiter 2025	Kommunane Utført av: Regionalt bulystprogram ÅL kommune Regionrådet	<ul style="list-style-type: none"> - Ta i bruk og vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget som delprosjektet for bustadutvikling har utarbeidd. Formidle internt i kvar



	Husbanken Distriktscenteret	commune og nytte til drøftingar på tvers.
5.1.4 Heve kompetansen på verkemiddelbruk i kommunane gjennom t.d. bustadkonferanse, kursing osb. 2025.- 2026	Ansvar: Regionrådet saman med kommunane Samarbeidspartnalar: Verkemiddelapparatet	<ul style="list-style-type: none"> - Regionrådet bør ta initiativ til jamlege møteplassar for drøfting av bustadpolitiske tema i Hallingdal - Kommunane må melde inn behov og ynskjer, og sette av dedikerte ressursar til å etablere slike møteplassar
Mål 5.2: Det er iverksett strategiar for å få bu-lystarbeid inn i kommunal drift, og ein har fått på plass tiltak for auka trivsel og tilhøyrighet for innbyggjarane i Hallingdal.		
5.2.1 Vidareutvikle bu-lystforum i Hallingdal med deltaking frå kommunane.	Kommunedirektør/ rådmann Regionrådet for Hallingdal	<ul style="list-style-type: none"> - Alle kommunane har lokale bulystgrupper med tilknyting til regionalt bulystforum, som jobbar med tiltaka som kommunane ynskjer å videreføre. To faste møterepresentantar til regionalt bulystforum frå kvar kommune. - Bulystforum fortsett å gå på rundgang mellom kommunane og Nore og Uvdal, og at agenda blir satt i dialog mellom vertskapet og dei andre kommunane. - Regionalutviklar har ein fast sekretærrolle i Bulystforum og kallar inn til minimum to bulystforum-møter i året
5.2.2. Gjennomføre tiltak som kjem i bu- og blilyst programmet 2025-2026	Kommunane	<ul style="list-style-type: none"> - Alle kommunar skal gjennomføre minst eit velkomstmøte for nye innbyggjarar årleg. <ul style="list-style-type: none"> • Transportstøtte? • Hallinghygge? - Ordførarar besøker årleg 10.trinn for auka tilhørsel i ungdomsåra og sjå moglegheiter for framtida i eigen kommune. - Erfaringar delast på bulystforum.



5.2.3 Implementere ein trivselsstrategi i kommunane 2025	<p>Kommunen Regionalt bulystprogram</p> <p>Vidareføring: HR i privat og offentleg sektor (HR forum/nettverk næringshagen)</p>	<p>Tiltaket er utført ved å lage ein plakat og roll-up som er spreidd rundt i kommunane – i tillegg til annonsar i Hallingdølen.</p> <p>Vidare anbefaling er at det blir jobba med on-boarding av nye arbeidstakrarar både i privat og kommunal sektor – og at desse samarbeider om eit felles tilbod utover arbeidstid for innbyggjarar i kvar kommune. Det kan være tilgang til ein lokal "livsguide" – ein person som hjelper med praktiske spørsmål utanom arbeid, hjelp til bustadjakt, gje informasjon om fritidsaktivitetar og sosiale møteplassar.</p> <p>Arbeidsplassar bør leggje til rette for fleksibilitet og trivsel, og arrangerer sosiale samlingar i og utanfor arbeidstid.</p>
Mål 5.3: Hallingdal har iverksett nye tiltak for at fleire flyttar til Hallingdal og blir buande, og færre flytter frå.		
5.3.1 Delta i ei landsdekkande undersøking om kva som får folk til å flytte til distrikt 2025	Regional utviklar	<ul style="list-style-type: none"> - Sette av midlar til regionalt marknadsføringsprosjekt som bygger på funna frå undersøkinga. - Sette av eventuelle restmidlar frå prosjektet til markedstiltak som bygger på funna.
5.3.2 Delta i Emigration expo i Nederland årleg	<p>Regional utviklar</p> <p>Regionrådet/Kommunar/ Næringsliv</p> <p>HR/personal</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Sette av midlar til årleg deltaking på messa. Alle kommunane bør delta med minimum én representant. - HR jobbar med mottakssystem i dei enkelte kommunar. - Regional utviklar koordinerer interessentane med HR og næringsutviklarane.
5.3.3 Utarbeide ein rekrutteringsstrategi i	HR forum	<ul style="list-style-type: none"> - Det jobbast i tillegg med on-boardingstrategiar.



Hallingdal for offentleg sektor 2025		
Mål 5.4: Hallingdal profilerer seg som EIN bu- utdannings og arbeidsregion og har målretta marknadsføring mot den kompetansen og dei folka me treng for å utvikle regionen		
5.4.1 Etablere ein overordna profileringsskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no) 2025	Regional utviklar	<ul style="list-style-type: none"> - Avsette midlar til å driftre og marknadsføre sidan www.hallingdal.no - Nutte resultata frå 5.3.1 til marknadsføringsformål
5.4.1 Styrke Hallingdal som merkevare 2026	Regional utviklar/Næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> -Avsette midlar til å driftre og marknadsføre sidan www.hallingdal.no - Attraksjonskrafts gruppa jobbar videre med tema.



6 Andre erfaringar og læring

6.1 Tidsperspektiv på prosessarbeid

Eit viktig læringspunkt frå programmet er at «ting tek tid», og at ein må setje av god tid dersom ein skal endre måten ein jobbar på i ein region – og ikkje minst få alle med på arbeidet. Det tek tid å forankre eit prosjekt i seks kommunar, det tek tid å kartleggje eksisterande kunnskap og utvikle ny kunnskap. Det tek tid å få med interessentar og samarbeidspartnarar og bygge nettverk mellom offentleg og privat sektor, det tek tid å pilotteste tiltak, og det tek tid å implementere tiltak i kommuneadministrasjonane, i næringslivet og hos andre regionale aktørar. To år har vore eit minimum for programmet for å ha tid til alle fasane som er viktige for eit godt resultat. Vi har gode erfaringar frå samarbeid i regionen frå tidlegare, så det var ei god hjelp på vegen. Men det vanskelege har vore å få med alle kommunane i like stor grad. Vi erkjenner at vi kanskje kunne jobba meir med å kople på fleire, frå fleire kommunar, men det er ein stor jobb som krev ei del ressursar, og alle i delprosjekta har jobba med programmet i tillegg til andre oppgåver i kommunane, difor har vi valt å ta med dei som ynskjer, og ikkje mase på dei som ikkje melder seg. Det er synd, for kompetansen sit i menneska som har bidratt, og resultert i at dei kommunane som har bidrøye mest, også er dei som sit igjen med det største læringsutbytet.

6.2 Regionale forum for nettverk og deling

Ei erkjenning vi sit att med, er kor viktig nettverk på tvers av kommunegrenser er. I eit nettverk deler ein erfaringar og lærer av kvarandre. Alle treng ikkje gjere dei same feila, og ein kan løfte kvarandre fram og reise heim med inspirasjon og gode idear som er lettare å ta i bruk i eigen drift – når ein ser og høyrer korleis andre jobbar. Nettverk er ferskvare, og det er viktig med jamlege møtepunkt og faste møtedeltakarar for å få god effekt.

I det regionale programmet for bulyst har det blitt etablert nettverk på mange nivå gjennom prosjektperioden. Nettverk internt i eigen kommune og eigen region, med fylkeskommunen, Husbanken og Distriktsenteret, samt med næringsliv og privatpersonar.

6.3 Refleksjonar frå samarbeidspartnarane

Buskerud fylkeskommune sine refleksjonar frå programmet

Buskerud fylkeskommune har ei viktig rolle som samfunnsutviklar, og har gode erfaringar med å utøve denne rolla gjennom samarbeid og tverrfagleg innsats – først og fremst med relevante aktørar frå kommunar og regionar, men òg på tvers av avdelingar internt i fylkeskommunen. Gjennom samhandling og ei heilskapleg tilnærming til



samfunnsutfordringar, får vi ei meir kunnskaps- og behovsbasert utvikling av stad og næringsliv i kommunar og regionar.

Dette gir oss òg moglegheit til å teste ut tiltak for å sjå kva som gir effekt og kva som kan ha overføringsverdi til andre kommunar og regionar.

Bu- og blilyst inneheld mange element og er ei gjenjenneleg problemstilling for dei fleste distriktskommunar. Buskerud har fleire distriktskommunar som møter liknande utfordringar knytt til demografi og bu- og blilyst. Det er vanskeleg å sjå at ei tilskotsordning åleine kunne løyse desse utfordringane gjennom mange små prosjekt. Difor valde vi å etablere ei større satsing der både plan- og næringsseksjonen i fylkeskommunen saman tok eit initiativ overfor Hallingdal.

Hallingdal vart valt fordi regionen allereie hadde etablert eit regionalt bulystforum. Då vi såg til andre fylke og kommunar sitt arbeid på feltet, fann vi mange små prosjekt, men lite arbeid der regionar samla hadde fokusert på dette. Vi ønskte difor å teste om eit regionalt fokus kunne gi fleire effektar og meir kunnskap – både for deltarane og for å kunne dele erfaringar og resultat med andre distriktskommunar og regionar.

Om programorganiseringa

Denne typen arbeid er omfattande og inneber mykje nybrotsarbeid. Difor valde vi programorganisering framfor prosjektorganisering. Det gjorde det mogleg å spisse fokuset i delprosjekta, men likevel arbeide mot felles mål i det overordna programmet. Denne arbeidsforma kan samanliknast med eit innovasjonsprosjekt – ein veit ikkje kvar ein endar, men arbeidet må ta utgangspunkt i behova. Ein må finne vegen undervegs. Dette er både spennande og krevjande, og det krev stor grad av tillit mellom partane, samt tid og rom til å byggje denne tilliten.

Det første året vart brukt til å avklare forventningar, behov, bli kjende og finne nye måtar å samarbeide på. Erfaringane frå prosjektleiarane viser at dei kommunane som har lagt ned ressursar i arbeidet, er dei som har fått størst nytteverdi. Fylkeskommunen meiner prosjektleiarane har lagt ned ein prisverdig innsats, saman med arbeidsgruppene og samarbeidspartnerane.

Utfordringar og moglegheiter

Det har vore utfordrande å få til sterk regional forankring og prioritering på toppnivå, noko som har vore krevjande for prosjektleiarane. Det er mykje å vinne på å samhandle meir regionalt, men det finst òg mange grunnar til at dette er vanskeleg. Vi meiner det kunne vore teke fleire konkrete steg i denne retninga.

Vi håpar at tilrådingane i sluttrapporten vert følgde opp, og at ein ser at det er naudsynt med god forankring i alle kommunar. Ein må bli einige om korleis ein skal løyse



utfordringane regionalt – med rom for kommunale tilpassingar. Denne typen arbeid krev tid, tillit og prioritering, men resultata så langt viser at det gir effekt.

Eit sterkare regionalt samarbeid ville òg gjort arbeidet med å styrke attraksjonskrafta enklare. Då kunne ein kommunisert ut regionen som heilskap, i staden for å fokusere på kvar kommune for seg. Ei nettside som *hallingdal.no* er eit positivt grep, men har avgrensa effekt dersom ein kommuniserer regionalt, men i praksis handlar lokalt.

Vegen vidare

Det ligg mange moglegheiter framfor regionen dersom ein vel å følgje opp tilrådingane frå programleiargruppa og gir tydelege mandat til bulystforumet. Det vert tilrådd å arbeide strategisk med dette og forankre det ein blir einige om i planverk og i det regionale samarbeidet. Ved å tenkje i retning av ein felles arbeidsmarknads- og bustadregion, kan ein hente ut gevinstar på fleire område.

Buskerud fylkeskommune har opplevd det som svært lærerikt og nytig å samarbeide med så mange dyktige og engasjerte ressurspersonar frå offentleg sektor, næringsliv og utdanning i Hallingdal. Vi ser fram til å følgje arbeidet vidare – og til vidare godt samarbeid.



Distriktsenteret sine refleksjonar frå programmet

Distriktsenteret meiner at programmet har kome langt på veg i å nå sine effektmål. Dette skuldast først og fremst ei god programorganisering, med tilsette som har bygd tillit til kvarandre, samarbeider godt, er dyktige på relasjonsbygging og har høg prosesskompetanse. All aktivitet må byggje på eit uttrykt behov og vere kunnskapsbasert. Ei viktig oppgåve framover blir å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og ta det i bruk for dei som har ansvar for vidareføring av aktivitetane.

Hallingdal vil vere avhengig av tilflytting for å oppretthalde verdiskapinga. Grunnleggjande faktorar for å lukkast er attraktive arbeidsplassar, ein stad å bu, og å oppleve trivsel og tilhørsle. Vi veit òg at ungdom sitt forhold til heimstaden blir forma i ung alder. Investering i aktivitetar og god livskvalitet for barn og unge vil vere viktige innsatsfaktorar for at dei skal ønske å flytte tilbake etter endt utdanning.

Strategiar må vere forankra i kommunane sine samfunns- og arealplanar. Både dei politiske og administrative leiarane i Hallingdals kommunane må kjenne på ansvaret for å implementere innsatsområda frå programmet for å nå felles mål for Hallingdal.

Distriktsenteret har både tilført programmet kunnskapsbaserte erfaringar frå andre delar av landet, og lært mykje som vi tek med oss vidare til andre utviklingsprosjekt. Vår oppgåve er å gi kommunane kunnskap for å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn. I tillegg er vi ein kompetansepartnar for Buskerud fylkeskommune.

Distriktsenteret meiner at det regionale perspektivet på attraktivitetsarbeidet gjer det særleg interessant å følgje arbeidet vidare inn i driftsfasen.



7. Vedlegg

VEDLEGG 1: REKNESKAP* hovedprosjekt + attraksjonskraft og trivsel og tilhøyrsel

Økonomiløversikt bo og blilystprogrammet 809		
19000	Bruk av bundne fond	-758 660 overfart fra 2024
11000	Kontormateriell	160
11151	Yrkess- og utdanningsmøssa	3 679 Storefjell
11401	Annonsutgifter, stillingsannonser	6 030 Hallingdalen
		Hallingdalen og Blått (12 500 og 19 500 eks nva)
11402	Reklame og profilering	47 406 Kreator og Hallingdalen
11500	Opplæring	2 387 Storefjell (feilfart?)
14290	Moms generell kompensasjonsordning	13 494
14700	Overføringer til andre	163 800 Sjå under
		Gol kommune - Hallinghygge og velkomstmøte 15 000
		Hol kommune - Hallinghygge og velkomstmøte 15 000
		Hemsedal kommune - Hallinghygge og velkomstmøte 15 000
		Nesbyen Turistkontor - Hallinghygge og velkomstmøte 15 000
		Fjær kommune - Hallinghygge og velkomstmøte 15 000
		Ål kommune - transporttilskudd ungdomsarrangement 17 000
		Hemsedal kommune - Transporttilskudd ungdomsarrangement 16 800
		Nesbyen kommune - Transporttilskudd ungdomsarrangement 10 000
		Sundebøll - Transportstøtte 30 000
		Nesbyen konsernforum - Transportstøtte 21 200
17290	Refusjon moms pålapt i driftsregnskapet	-13 494
		-555 198 Det som står att på konto no
Det som ikke er ferd endå		
Forskningsprosjekt Fjellnettverket		250 000
Lønnsref Nesbyen		120 000 Dette beløpet er usikert
		165 000 Det som står igjen når alt er betalt (med forbehold om at noe ligger i systemet)

*Endeleg rekneskap kan lesast ved å opne lenke/QR kode så fort det er klart:



<https://hallingdal.no/regionradet-for-hallingdal/prosjekter-og-samarbeid/bo-og-blilyst/kunnskapsgrunnlag>



VEDLEGG 2: REKNESKAP - Delprosjekt bustadutvikling

Inntekter	1 200 000		
Husbanken /Distriktsentret tilskot til "Bustadutvikling i distrikta" 2023	250 000	Sluttrapport innan 30.05.2025	
Sats på Hallingdal, tilskot 2023	200 000	Sluttrapport innan 20.05.2025	
Husbanken /Distriktsentret tilskot til "Bustadutvikling i distrikta" 2023	550 000	Sluttrapport innan 30.11.2025	
Ål kommune eigeninnsats prosjektleiing	200 000		
Utgifter	687 711,66	Benytta pr 16.05.2025	
	512 314,18	Rest til uteståande ubet. faktura pr. 5-2025 + pilot «Boligguiden».	
Kvalitativ kartlegging, fokusgruppeintervju 2024	70 679,81	ANNA Design+ Growlab	
Utarbeiding konseptskisser 2024	130 806,25	KINICO Arkitekter	
Møter, verkstader osv 2024	27 225,60	Annonser, bevertning, lokal-liege m.m.	
Kartlegging kommunene 2024-2025	250 000	Asplan Viak – avtalt fastpris inkl mva.	
Administrasjon	353,39	Print osv	
Prosjektleiing	200 000,00	Ål kommune ca 20% ressurs 1.8.2023-1.5.2025	

VEDLEGG 3: SLUTTRAPPORT SAMARBEID OM BOLIGUTVIKLING I HALLINGDAL



«[Samarbeid om boligutvikling i Hallingdal. Hallingdalskommunenes boligpolitiske rolle og mulighetsrommet for samarbeid om regional boligutvikling](#)»



Vedlegg 4: Samandrag frå flyttekartlegginga

Å velge fjellet:

Tilflytternes historier om liv, valg og verdier

Aleksander Bern, Mona Stokke og Deniz Akin

Sammendrag

Formål	Dette prosjektet er gjennomført på oppdrag fra Fjellnettverket. Undersøkelsen tar for seg hva som motiverer mennesker til å flytte til en fjell kommune, med særlig fokus på deres opplevde behov, verdier og prioriteringer. Målet er å identifisere hvilke faktorer som gjør fjell kommunene attraktive som bosted, og hvordan kommunene kan tilrettelegge bedre for tilflytting gjennom tiltak og strategier. Studien vektlegger både subjektive faktorer, som natur, frihet og sosial tilhørighet, samt praktiske forhold som bolig og arbeid.
Problemstillinger	Den overordnede problemstillingen er: <i>Hvilke verdier, holdninger og livsstil er avgjørende for hvordan folk tar beslutninger rundt flytting til en fjell kommune?</i>
Design og metoder	Undersøkelsen bygger på en kvalitativ tilnærming og omfatter semistrukturerte, narrative intervjuer med 18 tilflyttere som har etablert seg i 15 ulike fjell kommuner. I intervjuene ble «photo elicitation» benyttet som et verktøy for å fremme refleksjon og utdypende samtaler. Utvalget består av personer som i løpet av de siste fem årene har flyttet fra kommuner i sentralitetsklasse 1 og 2 til fjell kommuner. For å sikre variasjon i datamaterialet inkluderte vi informanter med ulik alder og familiestatus, samt fra kommuner med både positiv og negativ utvikling i befolkning og sysselsetting. I analysen ble en narrativ tilnærming brukt for å utforske de individuelle flyttefortellingene, mens en tematisk tilnærming bidro til å identifisere overordnede mønstre og temaer knyttet til tilflytternes motiver, ønsker og behov.
Resultater	Studien identifiserer flere sentrale faktorer som påvirker tilflytternes valg:



	<ul style="list-style-type: none"> Natur: Nærhet til naturen er en av de viktigste motivasjonene for å flytte til fjellkommuner, og tilflyttere verdsetter både de praktiske og estetiske aspektene ved naturlige omgivelser. Livsstil: Ønsket om bedre balanse mellom arbeid og fritid, samt større nærhet til naturen, fremheves også som en årsak. Livsfase: Tilflytterne som er i etableringsfasen vektlegger jobbmuligheter og lettere tilgang til boligmarkedet i fjellkommuner. For familier med barn er det viktig med de gode oppvekstsvilkårene som fjellkommunene kan tilby. Oppvekstmiljø: Familier fremhever trygghet, små skoleklasser og god barnehagedekning som viktige faktorer for valg av bosted. Push-pull faktorer: I denne studien ser vi eksempler på hvordan noen av informantene opplever byen som hektisk og stressende, med støy, trafikk og mange inntrykk – i kontrast til ro, stillhet og god plass i fjellkommunene. Mangel på tilstrekkelig eller egnet plass nevnes ofte som en viktig push-faktor, spesielt blant dem som ønsker å holde dyr, enten det er kjæledyr eller husdyr. Stedstilhørighet: Selv om informantene ikke har flyttet tilbake til sine tidligere hjemstedskommuner, har mange en form for erfaring, inntrykk eller kjennskap til stedet de har valgt å bosette seg i. Noen har denne tilhørighet gjennom familie eller tilgang til en fritidsbolig i området. Frihet: Flytting til fjellområdene oppleves som en mulighet til å leve et friere liv, blant annet økonomisk, sosialt og fysisk.
Konklusjoner	Funnene viser at tilflyttere ofte søker natur, større plass og bedre livskvalitet, men møter utfordringer som begrenset boligtilbud, mangelfull informasjon og varierende tilgang til tjenester. Sosial tilhørighet, arbeidsmuligheter og lokal kultur fremheves også som viktige faktorer for trivsel og varig bosetting. Basert på disse resultatene mener vi at fjellkommunene kan være tjent med å utvikle et variert boligtilbud, styrke informasjonsarbeidet, fremme lokal natur og kultur, og jobber for et inkluderende lokalsamfunn for å tiltrekke og beholde tilflyttere.



Les hele flyttekartlegginga ved å opne lenke/QR:

<https://hallingdal.no/regionradet-for-hallingdal/prosjekter-og-samarbeid/bo-og-blilst/kunnskapsgrunnlag>

